

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

17. årgang

nytt



God påske!

Ordføraren har ordet

Det nærmar seg halvåret i ordførarstolen og eg tykkjer eg er vorten god og varm i trøya. Eg har bruk tid på å gjera meg godt kjend med dei kommunale einingane rundt om i kommunen. Her har eg vorte godt motteken og det har vore nyttig for meg å sjå den daglege drifta i organisasjonen. Det inntrykket eg sit att med er at i Luster har me dyktige og motiverte medarbeidarar som gjer ein flott jobb for oss alle.

Dette fekk me også sjå i då ho "Dagmar" kom på julebesøk. Heile kommunen vart utan straum, data, telefon og mobildekning. Mange vegar vart òg stengde. Her gjorde dei tilsette, spesielt innafor pleie og omsorg, heimetenesta og teknisk ein stor innsats for at naudsynte oppgåver gjekk nokolunde som "normalt".

Eg vil her også gje honnør til dei tilsette på Luster Energiverk som verkeleg hadde krevjande døgn med linjerydding og oppattmontering av linjene rund om i vidstrakte Luster.

Eg var sjølv kringom i kommunen for å sjå dei store skadane orkanen hadde gjort på skog, kraft og telelinjer, fjøsar og hus. Det var skræmande å sjå kva krefter som hadde vore i aksjon.

Fleire av dei eg besøkte hadde fått store skadar på fjøsar, men alle eg prata med var ved godt mot. Ekstra kjekt er det å sjå kor flinke nabobar og bygdefolk er å stilla opp for kvarandre i slike situasjoner; som å dela på utstyr, hjelpe kvarandre med å tetta tak og ikkje minst støtta kvarandre når det er krevjande situasjoner.

Sjølv om det heldigvis er lenge mellom kvar gong det er slike værtihøve i Luster, verkar det som at lusteringane taklar dette godt; me går ikkje "av skaftet" om vegen er steng eller straumen er vekke nokre timer eller dagar for den saks skuld.

Lusteringane har i generasjonar levd tett på naturen og det er ein styrke.

Eg har etter orkanen 1. juledag bedt rådmannen om fullstendig gjennomgang av beredskap, rutinar og teknisk utrusting ved våre einingar. Dette arbeidet pågår, men alt no har me gjort ein del grep på grunnlag av dei erfaringane me fekk i julehelga. Som for eksempel ha tilgang på nok lykter, aggregat, avtale faste møteplassar for oppslag av info, oversikt over tilgang på satelitelefonar.

Me har også hatt samarbeidsmøte med Luster Røde Kors for å avklare kva dei kan støtte kommunen med ved liknande høve i framtida. Eit av samarbeidsområda er etablering av lokalt naudnett som sikrar radiosamband i kommunen.

Når det gjeld dei større investeringane som aggregat til vassverka og sjukeheimane våre, vert dette



Det vart ei spesiell julehelg for ordførar Ivar Kvalen og mange andre då "Dagmar" kom på besøk.

arbeidd vidare med og ei sak vil verta lagd fram for kommunestyret 24. mai.

Mykje tid utanfor kommunen

Som ordførar får ein også ein del verv "automatisk". Ein oppdagar fort at mykje av tida går med til saker utanfor kommunegrensene eller i samarbeid med andre kommunar, som til dømes: Styremedlem i tre Nasjonalparkar, landstyremedlem i Utmarkkommunanes samanslutning USS, møte i regi av Landsforeninga for vassdragskommunar, KS, KLP, Sogn regionråd, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, prosjektgrupper innafor samferdsle, skule, helse og mykje meir.

Samarbeid med kommunar i sogneregionen er viktig og nyttig. Skal me klare å løysa store samferdslesaker, styrka satsinga på turisme og reiseliv, må me samarbeida. Like eins er kommunane Lom, Skjåk og Stryn viktige for Luster i samarbeidet med forvaltninga av Nasjonalparkane våre og næringsutvikling i tilknyting til dei.

Me registrerer at kommunesamanslåing er tema fleire stader i landet. Her i Luster har kommunestyret klårt teke standpunkt til dette: Luster skal vera ein sjølvstendig kommune også i framtida. Mitt motto er: Ja til samarbeid, nei til samanslåing.

Takk til avgåande rådmann Tore Eriksen

Det har skjedd mykje desse fyrste månadane etter at eg vart ordførar. Berre nokre få veker etter eg byrja, lyste fylkeskommunen etter ny fylkesrådmann. Det gjekk slik me alle "frykta": rådmannen vår, Tore Eriksen, var på søkjearlista og vart

tilsett av Fylkestinget i møtet den 13. desember 2011.

Tore byrja som rådmann i Luster juni 2005. Dei sju åra han har vore her har vore sju aktiv år for Luster kommune. Tore har losa kommunen gjennom store byggjeprosjekt, kommuneplanar, kraftutbyggingssaker og mykje meir, men ikkje minst har han gjennom systematisk og nøyaktig arbeid gjort Luster kommune til ein av dei mest veldrivne kommunane i fylket, ja, kanskje i heile landet. Luster har ved fleire høve vorte trekt fram som ein kommune som har "ting på stell", Tore skal ha mykje av æra for dette arbeidet.

9. april har Tore sin siste arbeidsdag her på rådhuset. Eg vil på vegne av eit samla politisk miljø takke Tore for eit godt samarbeid i alle desse åra og ynskjer han lukke til som fylkesrådmann i Sogn og Fjordane.

Velkommen til tiltredande rådmann Jarle Skartun
 Etter at det var kjent at Tore kom til å slutte som rådmann, lyste formannskapet ut den ledige stillinga. Det kom tre søkjrarar, alle vart kalla inn til intervju. Formannskapet og representant for dei tillitsvalde gjennomførde intervjuet og føretok innstillinga. Eit samrøystes formannskap tilrådde at Jarle Skartun skulle få jobben. Den 16. februar tilsette eit samla kommunestyre Jarle som ny rådmann i Luster kommune.

Jarle har ei lang og allsidig bakgrunn som mangeårig ordførar i Sogndal og folkevald frå kommune og fylkespolitikken, Jarle har og hatt fleire tunge verv, m.a. som styreleiar i Fjord 1 Fylkesbaatane. Jarle kjem frå stillinga som kommunalsjef i Luster.

Jarle kjenner Luster kommune svært godt og vil med sin kunnskap og erfaring på ein god og trygg måte tre inn i rolla som rådmann for Luster. Eg



Mjølkebonde Anders Leirdal i Leirdalen fekk store skader på fjøsen. Heile høgbygget over siloane var rive vekk ned på betongen. Anders hadde fjøsen full med mjølkekryr og ungdyr då "Dagmar" slo til. Familie og vener hjelpte til med opprydding og aggregat til mjølkinga.

ynskjer Jarle Skartun velkommen som rådmann og ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid i tida framover.

Til slutt vil eg ynskje alle ein god påskeferie. Me får håpa på sol og fint vær i heile kommunen. Om ein skal til fjells eller ikkje er det alltid lurt å meldt frå kor

God påske!

ordførar



Mjølkebonde og snikkar Arne Nes på Veitastrand opplevde også dei vanvittige kreftene til "Dagmar". Høgbygget og deler av taket over fjøsen vart rive vekk. - Store deler av fjostaket landa i tunet der me stod berre nokre minuttar før. Det kunne gått rett gale, sa Einar Nes, far til Arne då eg besøkte dei 3. juledag.

Rådmannen har ordet:

Takk for meg!

Så var tida mi som rådmann i Luster over. Det kjennest både uverkeleg og greitt. Uverkeleg fordi slike skifte eigentleg skjer altfor brått. Eine dagen mange «gamle» kollegaer rundt meg, neste dagen fullt sceneskifte og på plass i Fylkeshuset. Greitt fordi eg sluttar av eigen fri vilje og fordi eg no får prøve meg i ein endå større organisasjon. Eg hugsar veldig godt då eg i juni 2005 begynte i Luster kommune. Litt lei av fylkesøkonomien, litt usikker på kva som ville møte meg, men samtidig veldig spent. Litt som første skuledagen, som vi alle har opplevd. Eg hugsar og første møtet eg kalla inn til i den nærmaste leiargruppa mi. Eg sa då at vi heile tida måtte hugse på at vi skulle arbeide mot tre målgrupper; våre politiske føresette, den tenesteytande driftsorganisasjonen og innbyggjarar, organisasjonar og bedrifter. Eg visste alt då at eg sjølv kom til å bruke mest tid på den politiske delen. Mange rådmannsoppgåver kan delegerast, men formannskapet og kommunestyret må ein ta seg av sjølv. Og slik vart det nok også. Det betyr ikkje at eg har site i politiske møte dagen lang. Mesteparten av tida har nok gått med til planlegging, førebuing og etterarbeid. Og jobbar du tett og godt saman

med dei folkevalde, vil dette kome både kommuneorganisasjonen og heile Lustrasamfunnet til gode. Tenkte eg. Om eg har lukkast med det får andre vurdere, men sjølv er eg rimeleg godt nøgd med det eg og vi har fått til.

I rådmannstida mi har vi bygd og opna to nye skular og ein stor og flott (Gaupne) barnehage, vi har førebudd utvidinga av Hafslo barnehage, vi har utbetra og bygd på andre skular og barnehagar, og vi har tilrettelagt for etablering av fem oppvekstsenter frå august 2012.

Vi har etablert NAV Luster og det interkommunale Sogn Barnevern. Og vi har utvida og rusta opp ATS. Vi har opna «nye» Luster omsorgssenter, tilrettelagt for omsorgsplassar både i Luster, Gaupne og på Hafslo, fått på plass nye omsorgsbustader, fått rusta opp Helsecenteret, fått etablert ein flott ambulansestasjon og nyleg gjort vedtak om å utvikle ei ny korttidsavdeling og eit visst augeblikkeleg hjelptilbod i kommunesenteret.

Vi har fått realisert Gullringtunnelen og kopla denne til ei større cruisesatsing i Skjolden. Vi har utvikla Skjolden sentrum, vi har rusta opp Krekavegen, vi har fått klår gjort nye bustadfelt for utbygging, og vi har fått gjennomført



fleire og heilt nødvendige vatn- og avlaupsprosjekt. Vi har vore med i krevjande prosessar for å få sikra vegen til Veitastrond. Og så har vi fått lokalt vinmonopol. Og for den som ikkje tykkjer det er bra, kan det kanskje vere ei lita trøyst at Luster kommune er blitt ein røykfri arbeidsplass!

Vi har endra det politiske organisasjonskartet, vi har fått langt fleire kvinner med i politikken, vi har fått prøvd ut røysterett for ungdom under 18 år, vi har innført seniortiltak for eldre arbeidstakrar, og vi har klår gjort korleis Luster bad skal organiserast, styrast og driftast. Vedtaket om å byggje badet var ikkje i samsvar med mi tilråding. Men når det først var gjort, måtte det følgjast opp. For slik er ein rådmann sin kvardag. Han tilrar og gjennomfører, medan dei folkevalde tek avgjerdene.

Utover dette minnest eg ei rekke vedtak om verneplanar, pandemiplan, miljøplan, kommuneplan, arealplan, spennande næringssaker, små og store kraftutbyggingssaker, arbeidet med lustraidentiteten, kulturpla-



nar og -tilskot, naturarven, inn på tunet, mottak av flyktningar og uendleg mykje meir.

Og så må eg ikkje gløyme alt det interkommunalt samarbeidet.

Det er blitt svært omfattande og eg trur at ei oppteljing no ville vist at Luster kommune er part i kanskje 50 ulike samarbeidsavtalar. Desse gjeld alt frå store tiltak som Sogn kulturskule og Sogn brann og redning IKS og ned til farmasøytsk innkjøps-samarbeid. Noko stort og noko lite, men alt naudsynt for å kunne drifte kommunen.

Og meir internt vil eg hugse års-hjulet, tenesteplanane, styrings-måla, medarbeidarundersøkingane, brukarspørjingane, kvali-tetsarbeidet og sjølvsagt all rap-porteringa. Slikt kan fortone seg som teoretisk skrivebordsarbeid, men eg er overtydd om at mykje av dette har gitt mange av oss ryddigare og meir målretta arbeidsdagar.

Eg vil og hugse at eg i august 2008 sat på eit rutefly på veg til Gran Canaria saman med 300 andre nordmenn. Og eit stykke ned i Europa bladde nesten alle gjennom omdelte «Dagens næringsliv». Der var det ein

svær reportasje om at Luster var kåra til Noregs beste kommune å bu i. Det var kjekt! Eg har eit bestemt inntrykk av at dette har blitt lagt merke til og sett sine spor. Folketalet har t.d. auka med ca. 1 % årleg frå 2008-11. Og den nylege utførte innbyggjarundersøkinga viser at Luster kommune ligg heilt i toppen når det gjeld omdøme - utanfor kommunen. Og det har ganske sikkert samanheng med at mange lustringar er svært gode ambassadørar for kommunen sin - både heime og ute. Slikt gjev suksess, og er nok mykje viktigare enn at kommunaleiinga stikk hovudet opp og fram. Ein kollega som har orden på historie og tal sa hin dagen at eg er den som har hatt rådmann-stittelen lengst i Luster kommune. Akkurat det er ikkje det viktigaste for meg. Men det passar godt saman med kjensla om at eg no har sita i rådmannsstolen bra lenge. Og at det difor må vere greitt å late nestemann overta.

Ein tidlegare sjef eg hadde sa i blant at alle sjefar eigentleg er prisgitt sine underordna. Ja, han sa jamvel at han i periodar opp-

levde å vere dei underordna «sin slave». Poenget i dette er sjølv-sagt at utan gode medarbeidarar er det lite ein sjef faktisk får utretta.

Eg har mange å takke i Luster kommune. Eg vil først takke mine politisk føresette for godt samarbeid, og eg trur eg må seie at vi har hatt nesten berre «gode dagar». Eg vil og takke svært gode kollegaer i rådmannstabben for alt det vi har fått til i lag. Og eg vil takke leiarar og kollegaer elles for dei snart sju åra vi har utvikla og drifta kommunen. Og så vil eg også takke organisasjonane i Luster kommune – stor som liten – for både utvalssam-arbeid, kontaktmøte og lønstim-tingar. Jammen vart vi nesten alltid samde!

Og heilt til slutt: Lukke til, Jarle!

Tore Eriksen

Tore Eriksen
Rådmann, avtroppande

Innbyggjarundersøkinga 2011

I november-desember 2011 fekk alle husstandar i kommunen tilsendt spørjeskjema med spørsmål om kommunale tenester, servicetilbod i kommunen og korleis det er å bu i kommunen. Det var også høve til å gje kommentarar på kva kommunen har lukkast og mislukkast med dei siste to åra.

Undersøkinga er gjort etter eit standard skjema utarbeida av

BedreKommune.no. Ved å bruke dette, kan me samanlikne oss med dei andre kommunane som gjennomfører undersøkinga. I 2011 var det 16 kommunar som gjennomførte tilsvarende undersøking. Gjennomsnitt storleik på kommunane var vèl 9000 innbyggjarar.

Det kom inn 678 svar som utgjer 36%.

Samanlikna med dei andre kom-

munane som har delteke i undersøkinga er det relativt bra svarprosent.

Brukane av kommunale tenester i Luster er meir fornøgde enn i dei andre kommunane som er spurde. Heile resultatet av undersøkinga blir presentert nedanfor.

Takk til alle som deltok i undersøkinga.

Resultat frå innbyggjarundersøkinga 2011

Tenestene frå din kommune - brukar

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Me ber deg no vurdere kor nøgd du er med nokre av tenestene fra kommunen. For spørsmål på denne og neste bok ønskjer vi svar fra deg som har brukt ein eller fleire av desse tenestene. Om du ikkje har brukt tenesta, kan du krysse av der det står 'nei'		
Viss ja, kor nøgd var du med servicetorget?	5,1	4,6
Viss ja, kor nøgd var du med dei internettbaserte tenestene?	4,6	4,2
Viss ja, kor nøgd var du med barnehagetenesta?	5	4,9
Viss ja, kor nøgd var du med grunnskulen?	4,7	4,4
Viss ja, kor nøgd var du med fritidstilbodet til ungdom?	4,3	4,3
Viss ja, kor nøgd var du med heimehjelpstenesta?	4,7	4,4
Viss ja, kor nøgd var du med heimesjukepleietenesta?	4,8	4,7
Viss ja, kor nøgd var du med heildøgns	4,7	4,5
Viss ja, kor nøgd var du med fastlegetenesta?	4,8	4,7
Viss ja, kor nøgd var du med legevaktensta?	4,7	4,2
Viss ja, kor nøgd var du med bibliotek/bokbussen?	5,1	5,1
Alt i alt, kor nøgd er du med tenestetilbodet i kommunen?	4,6	4,4
Snitt	4,8	4,5

Tenester fra din kommune - inntrykk

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
På dei to neste bokane (sidene) ønskjer vi svar fra deg / dei som ikkje har brukt ein eller fleire av tenestene. Vi ønskjer ditt inntrykk av desse tenestene. Kva for inntrykk har du av:		
servicetorget?	4,4	4,2
dei internettbaserte tenestene?	4,4	4
barnehagetenesta?	4,7	4,5
grunnskulen?	4,5	4,3
fritidstilbodet til ungdom?	3,5	3,6
heimehjelpstenesta?	4,4	4,2
Snitt	4,3	4,1

Tenester fra din kommune forts. - inntrykk

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Om du IKKJE har brukt ein eller fleire av tenestene, ønskjer vi ditt inntrykk av disse tenestene. Kva for inntrykk har du av:		
heimesjukepleietenesta?	4,5	4,3
heldøgns omsorgsteneste/sjukeheimtjenesta?	4,4	4,1
fastlegetenesta?	4,6	4
legevaktensta?	4,6	4,1
bibliotek/bokbussen?	4,4	4,4
Snitt	4,5	4,2

Næring, arbeid, transport, miljø

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Kor nøgd er du med:		
moglegheten til å få arbeid innan rimeleg avstand fra heimen?	3,9	4
moglegheten til å etablere eiga verksemد i din kommune?	3,9	3,5
Transport og tilgjenge i kommunen. Kor nøgd er du med:		
standard på vegar og gater?	2,7	2,8
tilrettelegging for fotgjengarar?	3	3,3
tilrettelegging for syklistar?	2,8	3
kollektivtilbodet innenfor kommunen?	2,3	2,9
kollektivtilbodet inn og ut av kommunen?	2,5	3,4
Miljø i kommunen. Kor nøgd er du med:		
kvaliteten på drikkevatnet?	5,3	5,1
moglegheten for sortering av avfall for gjenvinning?	5	5
henting av husholdningsavfall?	4,8	4,8
luftkvaliteten?	5,5	5,1
støy nivået der du bur?	5,4	4,9
Snitt	3,9	4,0

Klima, natur og landskap og levekår

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Kor nøgd er du med:		
kommunen sin innsats for å møte klimautfordringane?	3,9	3,8
Natur, landskap og friluftsliv. Kor nøgd er du med:		
tilrettelegging for friluftsliv?	4,8	4,5
korleis kommunen tek vare på naturen og landskapet?	4,4	4,2
Levekår. Kor nøgd er du med:		
oppvekstmiljøet for barn og unge?	4,6	4,4
kommunen som stad å bu for eldre?	4,8	4,3
kommunen si hjelp til personer i vanskelige livssituasjoner?	3,9	3,6
naboskap og sosialt fellesskap?	4,6	4,6
Snitt	4,4	4,2

Bumiljø og senterfunksjonar i kommunen der du bur

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Kor nøgd er du med:		
møteplassar der du kan treffe andre?	4	3,8
folkeliv og aktivitet i kommunen?	4,1	4
ryddigkeit og reinhald på offentlege stader?	4,3	4,1
Servicetilbaket . Kor nøgd er du med:		
tilbaket av kafeer, restaurantar, uteliv?	3,4	3,5
bank, post og forsikring?	4,4	4,4
butikktilbaket?	4,4	4,6
Bustadtilbaket. Kor nøgd er du med:		
moglegheten for å skaffe seg leilighet?	3,4	3,8
moglegheten for å skaffe seg einebustad/rekkehus?	3,7	4
moglegheten for å skaffe seg tomt?	3,8	3,6
Kultur og idrett. Kor nøgd er du med:		
kulturtillbaket i kommunen?	3,9	4,3
moglegheten til å delta i idrett?	4,7	4,7
andre fritidsaktivitetar?	4,1	4,2
Snitt	4	4,1

Utbygging og utvikling

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land
Kor nøgd er du med:		
utviklingen av kommunenesenteret?	3,9	3,8
utviklingen av andre tettstader/buområder i kommunen?	3,7	3,6
næringsutviklingen?	3,7	3,5
bevaring av dyrka mark?	3,6	3,7
ivaretakingen av friluftsområder?	4,2	4,1
leike- og aktivetsområder?	4	3,7

Tryggleik		Snitt	Luster	Snitt land
Kor trygt opplever du at det er å bu og ferdast i din kommune?	5,1	5		
Snitt	4	3,9		
Kommunen som stad å bu				
Spørsmål	Snitt	Luster	Snitt land	
Kor nøgd er du med:				
området der du bor?	5	5,1		
å bu i kommunen?	5	4,9		
I kva grad vil du rå dine vene og kjende å flytte til Luster?	5	4,7		
Snitt	5	4,9		
Møte med din kommune				
Spørsmål	Snitt	Luster	Snitt land	
Kor nøgd er du med:				
korleis folkevalde i kommunen lyttar til innbyggjarane sine synspunkt?	3,4	3,4		
korleis folkevalde i kommunen løyser lokale utfordringar?	3,4	3,4		
moglegheita for å påverke kommunale vedtak?	3,1	3		
korleis kommunen følgjer opp det som er blitt lova?	3,4	3,2		
serviceinnstillinga hjá dei tilsette i kommunen?	4	4		
kor raskt du får hjelp/svar på dine spørsmål?	3,7	3,7		
informasjonen fra kommunen?	4,1	3,8		
Snitt	3,6	3,5		
Tillit				
Spørsmål	Snitt	Luster	Snitt land	
I løpet at dei siste 2 åra - i kva grad:				
har du tillit til at politikarane i kommunen arbeider for innbyggjarane sitt beste?	4,1	3,9		
har du tillit til at kommunen handsamar like saker likt?	3,5	3,3		
har du tillit til at kommunen fyl lover og regler?	4,4	4,1		
Helheitsvurdering - Trur du kommunen din har godt omdømme?	5	4,3		
Snitt	4,2	3,9		
Totalt		Snitt	Luster	Snitt land
Snitt totalt		4,3	4,2	

Jarle Skartun tilsett som ny rådmann

Kommunestyret har tilsett Jarle Skartun som ny rådmann i Luster. Han tek til i stillinga 10. april.

Jarle Skartun, f. 1956, har vore tilsett i Luster kommune sidan 2004, mesteparten av tida som rådgjevar og i dag som kommunalsjef. I ein periode på i overkant av eitt år (2006-07) vikarierte han som assisterande rådmann. Skartun har i Luster kommune arbeidd over eit breitt saksfelt, men har hatt eit særleg ansvar for stabseininga eigedom. Han har og vore sentral i kommunen sitt budsjett- og økonomiplanarbeid.

Jarle Skartun kan elles vise til tung politisk erfaring, både frå kommunenivået (ordførar i Sogndal) og fylkesnivået. Han kan også vise til krevjande styreverv.

Jarle Skartun bur i Sogndal, men har godt kjennskap til Luster kommune – både som organisasjon og som geografisk eining.



Bemanningsendringar på teknisk område

Som ein følgje av at Jarle Skartun er tilsett som ny rådmann er det avtalt følgjande bemanningsendringar innan teknisk område:



1. Jan Magne Svåi går inn i stillinga til Jarle Skartun, og tek over delar av porteføljen i denne stillinga. Dette vert ei rådgjevarstilling i rådmannen sin stab og leiar for eininga Eigedom.



2. Terje Arild Kveane går inn som leiar av eininga Teknisk drift.

Endringane er i utgangspunktet tidsavgrensa til omlag eit år og vert sett i verk frå og med måndag 16.04.12.

Jørان og Gørان har teke prøven



Den 16. og 17. februar gjekk lærlingen på Luster omsorgssenter, kjøken, Jøran Mossestad, busett i Dalsdalen i Luster, opp til kompetanseprøve i institusjonskokkefaget og bestod denne. Han har vore lærling her sidan august 2010, og var ferdig 1. februar i år.

No skal Jøran koka på ein fiskebåt i tida framover, og jobba litt på omsorgssenteret når han er heima att. Biletet: Jøran Mossestad får overrekt blomar av kjøkkensjef Svein Tore Heltne etter avslutta prøve.

Gøran Rømo Mogard har teke fagprøven i IKT. Han er den fjerde lærlingen på IKT som har klart prøven med godt resultat.



Ny rektor ved Dale skule

Elisabeth Marie Normann, 37 år, er tilsett som rektor ved Dale skule. Ho tek til i stillinga 1. juni 2012. Elisabeth Marie har erfaring frå både barne- og ungdomsskule og vidaregåande skule. Ho arbeider i dag som adjunkt ved Sogndal vidaregåande skule. Elisabeth Marie er sambuar, har eit barn og bur på Indre Hafslo. Foto: Oddrun Midtbø.





Sogn regionråd. Biletet er teke under samlinga på Vatnahalsen i februar 2012. Frå venstre: Jan Geir Solheim, ordførar i Lærdal, Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal (nestleiar), Noralv Distad, ordførar i Aurland (leiar), Olav Turvoll, varaordførar i Vik, Harald Offerdal, ordførar i Balestrand, Ivar Kvalen, ordførar i Luster, Olav Lunden, ordførar i Leikanger, Arild Ingar Lægreid, ordførar i Årdal.

Sogn regionråd

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik. Sogn regionråd skal vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busettnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane. Rådet har vanlegvis 6 møte i året. Leiar i rådet er ordførar Noralv Distad, Aurland kommune.

Renovasjonsavgifta 1. halvår

Renovasjonsavgift for 1. halvår vil ikkje bli fakturert saman med andre kommunale avgifter grunna omlegging til nytt abonnementregister hos SIMAS. Renovasjonsavgifta for 1. halvår vil koma seinare.

Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal	pr.01/01 -97:	5115
Folketal	pr.01/01 -98:	5095
Folketal	pr.01/01 -99:	5035
Folketal	pr.01/01 -00:	5003
Folketal	pr.01/01 -01:	4954
Folketal	pr.01/01 -02:	4968
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/04-11:	5028
Folketal	pr. 01/07-11:	5039
Folketal	pr. 01/10-11:	5037
Folketal	pr. 01/01-12:	5026

Endringar i 2011:

Fødde:	53
Døde:	54
Innflytte	134
Utflytte	129

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

Vil du gjere teneste for domstolen?

Luster kommunestyre skal for perioden 2013 - 2016 velje kvinner og menn til meddommarar i tingretten og lagmannsretten. Dei som vert valde skal representere alle lag i befolkninga når det gjeld alder, utdanning, yrke, etnisk bakgrunn osv.

Dersom du pr. 1. januar 2013 er i alderen 21 - 70 år, bur i kommunen, ikkje er straffedømt og kan tenkje deg å gjere ein innsats for domstolen, ber vi om at du tek kontakt med servicetorget v/Anita Bjørk Ruud tlf. 57 68 55 96, epost:



anita.bjørk.ruud@luster.kommune.no,
innan 20. april 2012.

Kjenner du personar du meiner kan gjere teneste for domstolen,

har du også høve til å foreslå det, innan same fristen.

Sjå informasjon på www.domstol.no

Foto: Sogn Avis



Sarah klinka til med bronsen

Sarah Haugen frå IL Bjørn/Luster Telemark tok ein knallsterk bronsen i junior-NM i parallel på laurdag 3. mars. Ein fantastisk prestasjon av 16-åringen i den knallharde juniorklassa (16-20 år), berre Thea Smedheim Lunde, landslagsutøvar frå Ullensaker skiklubb og Guro Helde Kjølseth frå Rival Spkl, var betre. Rennet hadde òg FIS status/WC, og Sarah kvalifiserte seg vidare som nr. 8 i dameklassen.



Kristen Bakken i Joker på Gjerde syner fram Fairtrade-produkt.



Fairtrade – rettferdig handel



Anette Steggejerdet Norberg er leiar i styringsgruppa for Luster kommune sitt Fairtrade-arbeid.

Luster kommune er godkjent som Fairtrade-kommune, og har ei eiga styringsgruppe til å vidareføre arbeidet. Hausten 2011 valde kommunestyret følgjande styringsgruppe:

Anette Steggejerdet Norberg, leiar
 Beate Bondevik Lie, nestleiar
 Steinar Bruheim
 Ole Johnny Uthus
 Hanne Teigen

Det er mange verksemder i Luster som sel Fairtrade-produkt og som brukar desse produkta. Ein av butikkane som sel Fairtrade-varer er Joker på Gjerde i Jostedal. Inger Helgestad, utplassert skulelev i Lustranytt, besøkte butikken. Der fortalte dei at av produkta dei sel, går det mest av kaffien.

Styringsgruppa har i vinter tilbode skulane å besøke dei for å informere om Fairtrade. Ta kontakt med Anette Steggejerdet Norberg, tlf. 977 59 069.

Feieordning og feieavgift

Brannvernlovgjevinga pålegg kommunane å syta for at det vert halde register over og utført feiing og tilsyn med fyringsanlegg i alle bygg med heilårsbusetnad. Etter etablering av Sogn Brann og Redning IKS, det interkommunale selskapet med ansvar for brann og feieområdet, er det vedteke ei viss omlegging av ordningane med feiing og bustadtillsyn. Målsetjinga er at det ein gong kvart fjerde år skal gjennomførast tilsyn med fyringsinstallasjonar i bustadhus. Dette er i samsvar med lovkravet.

Når det gjeld feiing, vil frekvensen for feiing i større grad enn tidlegare bli avgjort av behovet for feiing for kvar pipe. Denne frekvensen vil variere frå feiing kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år. Feiaren / SBR-IKS vil fastsetja kor ofte det må feiast, bustadeigaren kan ev. be om hyppigare frekvens. Gebryra vil verte differensierte etter kostnaden med utført teneste og frekvens.

Gebyr feiing kvart år

Dei som i feieregisteret vårt er registrert med feiing kvart år vil frå og med 2012 få ei feieavgift på kr 500,- + mva.

Pr dato er det noko mangefull oversikt over behovet for feiefrekvens. Desse bustadane vil fram til neste feiing verte registrert (med avgift "Feiing 2. kvart år" på kr 300,- + mva.) etter den frekvensen dei har hatt dei siste åra.

Gebryra for 2012 er slik:

- **Feiing kvart år og tilsyn med fyringsinstallasjonar 4. kvart år:** (feiing kr 400:1 + tilsyn kr 400:4) = årsavgift 500,00 kroner.
- **Feiing 2. kvart år og tilsyn 4. kvart år, årsavgift på:** (400:2 + 400:4) kr. = årsavgift 300,00 kroner.
- **Feiing 4. kvart år og tilsyn fjerdekvart år, årsavgift på:** (400:4 + 400:4) kr. = årsavgift 200,00 kroner.
- **Ekstra feiing / feiing fritidshus** gir ei avgift på 400,- kroner.

I tillegg til prisane ovanfor kjem avgift i medhald av meirverdiavgiftslova.



Arkivbilete. Alfred Andersen (t.v.) har sluttat som feiar og gått inn att i vedlikehaldsavdelinga til Luster kommune. Birger Moene feiar framleis, men er no tilsett ved Sogn Brann og Redning IKS.

Endring andre kommunale avgifter 2012

Luster kommunestyre vedtok i møtet 15. desember 2011 å endre følgjande avgifter slik:

- Renovasjon, aukar med 4%.
- Slamgebyr, som for 2011.
- Årsavgift vatn, aukar med 4%.
- Årsavgift kloakk, aukar med 5%.
- Byggesaksgebyr, aukar med ca 30 %. Unnatak: "Ikkje tilsynsrelaterte" gebryr som vert auka med prisutviklinga.



Trafikktryggingstiltak Øyagata i Gaupne

Kommunen har for 2012 fått tildele fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar. Midlane skal gå til tiltak i Øyagata i Gaupne.

Gangfelt i krysset mellom Kronstadvegen og Øyagata er eit av tryggingstiltaka i kommuneplanen for trafikktrygging som vart vedteken av kommunestyret i 2011. Det er i dag fortau langs Øyagata fram til Grandmo og det er fortau langs Kronstadvegen. Langs Øyagata, mellom dei to kryssa til Grandmo og Kronstadvegen, er det og fortau, men for å nytta seg av dette fortauet må ein kryssa gata/vegen, dvs. fortauet ligg på feil side. I praksis vel difor mange enklaste veg og går/sykclar rett fram. Dei går/sykclar då via den opne plassen framfor ungdomshuset.

Spesielt frå Kronstadvegen og over Øyagata er krysset litt uoversiktleg både for dei gåande, syklande og dei køy-

rande. Både biltrafikken og tal gåande og syklande i dette området har auka i samband med det nye bustadfellet Bukti og den nye barnehagen. Planen er at det vert bygd eit opphøga gangfelt her våren-sommaren

2012. Målet er både å få ned farten på bilistane i dette krysningspunktet og å få kanalisert dei gåande og syklande. Det vert også bygd nytt fortau langs Øyagata på same side som ungdomshuset ligg.

I tillegg vil det bli bygt opphøga gangfelt ved Gaupne omsorgsenter og ved Pyramiden/ Bruvoll. Dei opphøga gangelta vert utforma slik som dei i Gravensteinsgata i Sogndal. Fartsgrensa i Øyagata vert ikkje endra.



I samband med trafikktryggings tiltaka i Øyagata vil kommunen og gjere ein del vedlikehaldsarbeid frå ungdomshuset til rådhuset.

Det vil vere utskifting og reparasjon av kummar, nødvendig dreneringsarbeid, masseutskifting på enkelte parti og asfaltering.

Sommarjobbar for 16- og 17-åringar

Tilskot til sommarjobbar i private verksemder

Luster kommunestyre har vedteke at private verksemder som tek inn 16- og 17-åringar busette i kommunen i sommarjobb i minimum 2 veker i heiltidsjobb, får eit kommunalt tilskot til dette på kr 3 000 pr. sommarjobb. Til sommarjobbar for ungdom med funksjonshemming, vert det gjeve dobbelt tilskot.

Det vert betalt ut berre eitt tilskot pr. ungdom, og tilskotet vert ikkje delt om same ungdom tek sommarjobb i fleire verksemder. Det kommunale tilskotet vert gitt til den verksemda som først har 16-/ 17-åringen i sommarjobb (etter skuleslutt).

1. juni vert nytta som datogrense i kalenderåret, noko som betyr at kommunen yter tilskot til sommarjobb for ungdom som har fylt 16 år, men ikkje 18 år, pr. 1. juni 2012.

16- og 17-åringar i Luster vert oppmoda om å ta kontakt med aktuelle verksemder med spørsmål om sommarjobb.

Søknadsskjema som private verksemder skal nytte ved søknad om kommunalt tilskot, finn ein på kommunen sine heimesider: www.luster.kommune.no, ev. kan ein få skjemaet på servicetorget, tlf. 57 68 55 00.

Siste frist for søknad om tilskot: **1. september 2012.**

Søknad om tilskot skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE.

Ny port – ny innkøyring

Til tider har vi hatt visse ”trafikkproblem” ved porten til Miljøstasjonen i Gaupne. Dette har vi no teke tak i og bygt ein ny innkøyringsport. På biletet syner Kjell Bergum at INN-køy-

ringa skal skje ved den nye porten til høgre. Odd Steinar Saur står ved ”innkøyring forbode”-skiltet og passar på at her er det berre dei som skal UT som skal køre.

I midten er det plassert ei motaksbu der du tek kontakt når du kjem.

Miljøstasjonen er som vanleg open kvar onsdag mellom kl 12.00 og 18.00.





Folkemusikarane Eli Grytting og Sigmund Eikås.

Folkemusikarane Eli Grytting og Sigmund Eikås trollbatt ungane med sang, spel og forteljingar.



Reopning av hovudbiblioteket i Pyramiden

Etter ein lang flytteprosess var det 18. februar 2012 tid for markering av at biblioteket har kome inn i nye og større lokale. Innflyttinga skjedde seinhaustes, men det har teke tid å komme heilt i orden med tekniske løysingar. I fleire år har Luster bibliotek hatt svært gode tal på nasjonale statistikkar for utlån og besøk. I 2010 hadde biblioteket klart størst utlån av alle bibliotek i fylket med 9,5 utlån per innbyggjar. Gjennomsnitt i fylket var på under 5. Med i rekninga for dei gode tala må takast med at det er svært stor aktivitet og stort utlån til barn og unge i skuleåret ved bibliotekavdelinga på Hafslø.

Det har i mange år vore ønskje om betre romtilhøve for hovudbiblioteket. Ein har ønskja seg betre plass til å ta imot skuleklassar og halde arrangement. Det ønskjet er no oppfylt. No har biblioteket også blitt ein stad å vere. Både brukarar og tilsette er veldig nøgde med resultatet. Spesielt er ein nøgd med at lokalet er så lyst. På programmet på reopningsdagen var det ein sekvens spesielt for barn og ein spesielt for vaksne. Dei dyktige folkemusikarane Eli Grytting og Sigmund Eikås, høvesvis frå Gloppen og Jølster, hadde sett saman eit program som blei godt motteke av publikum. Det var meir enn 200 besøkande denne dagen.



Mange tok turen til biblioteket denne festdagen.

Servering av frukt, sjokolade og drikke.



Biblioteket har fått sitt eige bokmerke



Vinnarbidraget til Tobias Molland.

I samband med reopning av hovudbiblioteket blei det utlyst konkurranse om å lage bokmerke for biblioteket. Elevar i grunnskulen leverte nærmere 220 flotte teikningar. Juryen var samansett av to elevar frå linje Kunst og Handverk (Shaian Hassan og Sigrun Brosvik) på Luster vidaregåande skule, kultursjef Erling Bjørnetun og to tilsette ved biblioteket.

Oppgåva var å lage eit merke som har med bibliotek og/eller lesing å gjere. Elevane sto fritt i bruk av verktøy.

Juryen hadde ei utfordrande oppgåve og måtte ta fleire rundar før dei blei einige. Det var fleire teikningar som nesten nådde heilt opp. Det enda med ein vinnar og tre nestenvinnarar.

Vinnaren vart Tobias Molland som går i fjerde klasse på Indre Hafslo skule. Bokmerket skil seg ut med svært god teknisk kvalitet, fantasi og god og glad fargebruk. Premien var eit gåvekort på 500 kroner på Pyramiden senter, blomster og is til heile klassen.

Nestenvinnarane vart Andrea Fiskaa Haugen, 6.klasse Gaupne skule, Ingelin Heen Veum, 6.klasse Gaupne skule og Vanessa Joranger, 4.klasse Indre Hafslo skule. Nestenvinnarane fekk gåvekort på 200 kroner og blomster. Bokmerket er trykka opp i 5000 eksemplar, sponsa av Luster Energiverk. Dette merket skal vere Luster bibliotek sitt varemerke i fleire år framover



Jurymedlemmar i gang med utvelginga.



Mange bidrag.



Vinnarteikninga til venstre og tre nestenvinnarar.



Utdeling av premiar på reopeningsdagen. Frå venstre: Vanessa Joranger, vinnar Tobias Molland, Ingelin Heen Veum. Andrea Fiskaa Haugen var ikkje til stades. Bak frå venstre juryen Torill Otterhjell, Ellen Borch Veum og Sigrun Brosvik.



Nokre av kafégjestene i februar.

Bokcafè i hovudbiblioteket

Vårhalvåret 2012 har biblioteket bokcafè ein fredag i månaden. På første arrangementet møtte 18 deltagarar og oppmøtet seinare har også vore godt. Det er mange litteraturglade lusteringar som synes det er kjekt med ein bokprat og å dele sine leseopplevingar med andre. På første møtet blei det snakka om romanar generelt og spesielt bøker som har blitt klassikrar. På andre bokafeen var det bokåret 2011 som sto på programmet. Tredje møtet i mars handla om biografiar. Vidare blir det jobba for å få til eit forfattarbesøk på vårparten. Dette arrangementet blir støtta av prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket. Arrangementet er gratis og ope for alle.



Nokre av kafégjestene i februar.



Hanne Hermansen, Jorunn Tandle og Grethe Nynes i full gang med litteraturlister.



Kåre Øvregard kulturprisvinnar for 2011

Under opninga av kommunestyremøte den 15. desember 2011 vart kulturprisen delt ut. Ordførar Ivar Kvalen sa då dette om prisen og kulturpriskandidaten:

Luster kommune vil bruke kulturpris og kulturstipend til å gje betre vilkår for kulturarbeidarar i kommunen, og for å tene som inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid. Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. Kulturprisen vil bli utdelt kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar.

I nominasjonen til årets kulturpris heiter det m.a.:

Kandidaten som i år skal ta i mot kommunen sin kulturpris har vore sentral i kulturlivet i Luster kommune i mange år. Han har engasjert seg over eit breitt spekter av kulturaktivitetar frå ungdomsarbeid og idrett

til lokalhistorie og sogeskrivar. I mange lag og organisasjonar, samankomstar av sosial art og ikkje minst som programleiar og visevert har han Kåre vore i fokus. Han har i det heile vore eit ”ja” menneske av det sjeldne slaget.

I åra etter at Kåre Øvregard slutta som rådmann i Luster, har han vore forfattar av følgjande lokalhistoriske verk:

- Skulen i Luster gjennom 250 år, kom ut i 1996.
- Stolar og støsliv i Luster kommune, kom ut i 1999.
- Leirdalen, ei perle i Luster, kom ut i 2003.
- Tiriltunger og brennenesler, ho Brita Moste og andre småsoger. Denne boka vert også nytta i mange av skulane og kom ut i 2007.
- Jostedal kyrkje. Fakta og segn og soge gjennom 350 år er ei bok som vart til i eit samarbeid med fleire medfattarar. Boka kom ut i 2010.

I tillegg til nemnde bøker har Kåre Øvregard skrive ei lang rekke kortare lokalhistoriske artiklar i publikasjonar retta

mot eit lokalt publikum, t.d. i ”Bjønnaposten” og i ”Jostedal skule- og bygdeavis”. Til saman ein imponerande produksjon av lokalhistoriske skrifter som me kan vera stolte over.

I ein alder av 78 år er han framleis aktiv på mange område. Akkurat i desse dagar brenn han for Engjadalen. I eit samarbeid med Svein Nybø utarbeidar han og set opp informasjonsplakatar rundt om i Engjadalen. Der vil ein få informasjon av ymse slag som har allmenninteresse for turgårar, m.a. mykje historisk informasjon.

Med grunnlag i denne nominasjonen har Luster kommune vedteke at KULTURPRISEN for 2011 skal tildelast Kåre Øvregard.

Er audmjuk

– Eg er svært forundra og overraska over å få prisen. Eg har ikkje bidrege med dei store oppdagingane. Eg føler at mange i Luster har gjort mykje meir enn meg, men eg er takksam og audmjuk, sa kulturprisvinnaren som ynskte å dela prisen med kona Gunnhild.

Sogn har fått sitt kulturnettverk

På det konstituerande møtet i Aurland tidleg i februar i år vart regionsamarbeidet på kultursektoren formalisert. Erling Bjørnetun i Luster kommune vart vald til første leiaren i nettverket. Av oppgåvene som ligg til nettverket kan nemnast:

- Å vera ein arena for utveksling av erfaringar og informasjon.
- Utvikla kunnskap og kompetanse innafor fagområde.
- Vera ein lærings- og utviklingsarena.
- Initiera prosjekt innafor fagområdet.
- Samhandla med andre eksterne aktørar.

Deltakarane i nettverket har eit særskilt ansvar for å informera, drøfta og avklara saker som vert tekne opp i nettverket i eigen kommune, og har ansvar for å bringa eller ta opp eigne kommunale saker i nettverket. Kvar kommune oppnemner eit fast medlem i nettverket.

Ansvar for praktisk tilrettelegging for møta, møteinnkalling og referat går på omgang mellom kommunane.

For 2012 er planlagt 3 samlingar der Aurland, Luster og Leikanger er vertskap.



Erling Bjørnetun skal leie kulturnettverket i Sogn.

Nytt reglement for tilskot til kulturføremål

Luster kommunestyre vedtok i desember 2011 nytt reglement som vert gjort gjeldande fram t.o.m. 2015. Fullstendig reglement er lagt ut på heimesida til Luster kommune. Av dei viktigaste endringane og presiseringane som er gjort gjeldande frå 2012 kan nemnast:

- Godkjenning av ein søkerorganisasjon krev minimum 15 betalande medlemmar.
- Der andre offentlege organ er inne og støttar same tiltaket, kan det samla offentlege tilskotet ikkje overstige 2/3 av kostnaden.
- Organisasjonar med medlemmar i fleire kommunar kan få tilskot for medlemmar busette i Luster kommune.
- Ordinær grunnstønad er auka frå kr 50 til kr 200 for betalande medlemmar under 20 år.
- Tilskot til instrumentkjøp til organisasjonar vert gitt med inntil 2/3 av kostnadsoverslaget.

- Bygningar som det vert søkt refusjon for drift og vedlikehald til kan ikkje nyttast til næringsverksemd.
- Eigalar av anlegg som vert nytta av skular og barnehagar vert gitt eit driftstilskot under føresetnad av ein underskriven bruksavtale.
- Samarbeidsavtalar og kulturstipend har fått ei maksimumsgrense på kr 60.000 over 3 år.
- Enkeltpersonar og organisasjonar skal dokumentere det kulturelle innhaldet i søknaden.
- For søker om tilskot til ”spesielle tiltak” skal søkeren visa til korleis omsøkte tiltak skil seg frå den ordinære aktivitetten.
- For tilskot som krev framlegging av rapport før utbetaling av tilskot vil fristen vera 1. november.

Kommunen har teke i bruk elektroniske søknadsskjema for alle tilskotsordningane.

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2023

Kommunestyret vedtok den 16. februar ny kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. I fireårs-perioden 2012-2015 er det vedteke eit investeringsprogram til ein verdi på til saman 79,4 millionar kroner. Av dette utgjer den kommunale satsinga 39,5 millionar, anleggseigarane satsar til saman 15,9 millionar, og det ligg til rette for ei statleg finansiering på til saman 16,7 millionar kroner.

Ordinære anlegg

Av vedteken fireårige handlingsplan går det også fram at kommunen har prioritert sprintløype med skistadion på Heggmyrane til ein samla kostnad på 2,6 millionar kroner, Ballbane ved Hafslo skule med kunstgras til 1,9 millionar, orienteringskart på Mollandsmarki til 0,3 millionar, servicebygg Skjolden stadion til 0,3 millionar, og Gaupne stadion, kunstgrasbane med undervarme vil få ei startløyving i 2015 dersom planane vert idrettsfunksjonelt godkjende. Med det store ”etterslepet” som det er på spelemidlar har planen også måtte føra opp att dei anlegga som framleis ikkje har fått innvilga sitt godkjende statstilskot. Dette gjeld anlegga:

Snøproduksjon på Sogn skisenter, Skianlegget i Leirdal og Luster Bad.

Nærmiljøanlegg

Innan denne kategorien anlegg er det vedteke å byggja ut Galden Trivselspark med ballbinge og sandvolleyballbane, første byggesteg av kulturløypa ”Wittgenstein” i Skjolden og ballbinge på Veitastrond i 2014 dersom søkeren kan presentere ei idrettsfunksjonell godkjenning for tiltaket.

Friluftsliv

Her har kommunestyret valt å prioritere Servicebygg på Bergset i Jostedal, sikringsbu på Molden og frå i førre plan var prioritert servicebygg på Krossen, Mollandsmarki.

Plandokumentet er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Luster kommune

**Kommunal plan for
Idrett og fysisk aktivitet
2012 - 2023**

Hendsame:
2012

Vedteke av Luster kommunestyre
16.02.2012, sak 15/12

Luster kommune | Rådhuset, 6868 Gaupne | Telefon: 57 68 65 00 | Faks: 57 68 65 01 | E-post: post@luster.kommune.no | Org.nr: 984 988 241

Planlegging i ditt lokallag

Gjennomføringa av ein søknadsprosedyre inneholder fleire fasar, og vegen fram til ein prioritert søknad stiller konkrete krav til innhald og dokumentasjon (jf. www.idrettsanlegg.no). Ein viktig fase er søkeren sin eigen anleggsplan, dvs. ein plan som omhandlar søkeren sitt behov for eit anlegg anten det er eit ordinært idrettsanlegg, eit nærmiljøanlegg eller rehabilitering av eksisterande anlegg.

Viktige element i ein slik lokal plan er eit kostnadsoverslag, areal til utbygginga og tenkt finansiering. For større anlegg er det også viktig å avklare eigen finansiell styrke og utbyggingsperiode. Årsmøte i ditt lokallag skal godkjenne ein slik anleggsplan. Hjelpemiddel og gode råd for denne forma for lokalt planarbeid kan lokale lag få ved å venda seg til sakshandsamaren for den kommunale planen Erling Bjørnetun.

Den kulturelle spaserstokken

Ei statleg finansiert ordning, kjent som Den kulturelle spaserstokken, har som hovudmål å medverke til at eldre skal få oppleve meir kultur både gjennom eigenaktivitet og deltaking på arrangement med eit profesjonelt kulturtilbod.

Kulturdepartementet har bestemt at 285 kommunar får midlar frå Den kulturelle spaserstokken i år. I tråd med Kulturløftet II vil regjeringa fram til 2014 arbeide for å tredoble satsinga på Den kulturelle spaserstokken og gjea ordninga permanent.

Den kulturelle spaserstokken stimulerer til samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren i kommunane slik at eldre får kulturtilbod i nærmiljøet.

Midlane vert delt ut etter søknad frå kommunane til Kulturdepartementet. I Luster kommune er dette utvikla som eit samarbeidsprosjekt der Luster Folkeakademi er ”lokal entreprenør” og deltek i utforminga av det søknadsgrunnlaget som vert presentert for departementet innan årleg søknadsfrist som er 1. mai.

- I inneverande arbeidsår (aug.2011 – juli 2012) gjeld desse prioriterte områda:
1. Kultur og eldre, lågterskeltilbod utan eigenbetaling,
 2. Ordinære kulturarrangement, enkeltarrangement med nasjonale turnearistar henta inn via Folkeakademiet sine haust- og vår-turnear,
 3. Eldre og offentlege kulturtilbod.

Vi oppmodar lag og organisasjoner til å kome med framlegg til ev. andre program-idéar.



Luster folkeakademi – kulturentreprenørane. Bak f.v.: Astrid Veum, Johan Solheim, Henny Eikum Roterud, Thorild Tønnesen. Framme f.v.: Leiv Bollingberg og leiar Mary Åsen.

Den Kulturelle Spaserstokken i Luster Kulturtilbod for eldre

Mange har dei siste to åra fått oppleve levande kultur i Luster. Så stor har aktiviteten vorte at den også vert lagt merke til langt utover kommunegrensa. Ser me reint statistisk på utviklinga over dei tre siste åra har talet på framsyninga auka frå 16 i 2009 til 39 i 2011.

Eit organisert samarbeid mellom Luster kommune og Luster Folkeakademi har utløyst ein aktivitet som gjerne kan kallast godt entreprenørskap. Frivillig innsats og samarbeid med lokale lag som t.d. pensjonistlaget, helselag, sogelag og grendalag har gjort det mogleg å utnytte turnerande artistkrefter, lokale utøvarar og eit vel-organisert samarbeid med helse og omsorgstenesta i kommunen til beste for målgruppa som er eldre anten det no er heimebuande eldre eller eldre på institusjonar.

I 2011 var det samla deltakartalet for programma i ”spaserstokken” på 1694 personar – eit gjennomsnitt på over 40 pr. arrangement. Potensialet for å utvikle tilboden er tilstades, og fleire samarbeids-partar har meldt seg (i 2012) for å gjea kulturtilboda til eldre i kommunen både enno betre, men også meir varierte. Utfordringane ligg gjerne innan praktiske løysingar som det å koma seg fram til dei ulike arrangementa, tilpassa arrangementa til fast dagsrytme og den enkelte sin fysiske form. Me opplever eit stigande engasjement frå både pårørande og gode hjelparar ... så mottoet må bli: ”meir kultur til folket”.





Kommunen får korttidsavdeling i Gaupne

Ved Gaupne omsorgssenter er det i dag 4 grupper for pasientar. Ei av gruppene, gruppe 4, skal gjerast om til korttidsavdeling med 8 plassar. Dette har kommunestyret vedteke utifrå nasjonale føringar i samhandlingsreforma og kommunen sin eigen helse- og omsorgsplan.

Gradvis overgang

Overgangen til korttidsavdeling vert gjort gradvis ved at det ikkje vert tildelt langtidsopphald i gruppe 4, og intern flytting frå gruppe 4 ved ledige rom i andre

grupper ved Gaupne omsorgssenter.

Dersom det vert vurdert som fagleg forsvarleg kan det vere to pasientar pr. rom i den nye korttidsavdelinga.

Kommunen har lyst ut stilling som lege og leiar ved korttidsavdelinga. Det er ikkje føreteke tilsetjing i stillingane når Lustranytt går i trykken.

Langtidsplassar

Med grunnlag i folketalsframskrivingar og erfaringar har kommunestyret vedteke at kom-

munen skal ha 60 langtidsplassar, ikkje 56 slik det har vore lagt opp til i helse- og omsorgsplanen. Kommunestyret har også vedteke at langtidsplassane skal fordelast slik:

Gaupne omsorgssenter 20

Hafslo omsorgssenter 16

Luster omsorgssenter 24

Utbyggingsplanar

Det er vedteke ei samla utbygging med 8 nye rom ved Gaupne omsorgssenter, med byggestart i 2013.

Julefest på Gaupne omsorgssenter

På Gaupne omsorgssenter har me kvart år ein tradisjon for å synge jula ut med julefest første veka etter nyttår. Besøkstenesta tok i år ansvar for å lage i stand til festen som talde 85 personar, og sytte for musikk til juletreganga. Festen er for bebuarane på omsorgssenteret, eldresenteret og for personalet. Ekstra stas for dei eldre er det at personalet tek med ungane sine. Me har også vore heldige siste åra og fått besök av Krudlalaget som syng for oss. Hildegunn på kjøkkenet kjem og lagar god kveldsmat til alle saman og me kosar oss eit par timer i lag. Med mange ungar tilstades vert det masse liv og røre, noko bebuarane set stor pris på.




Barnekoret "Krudlalaget" underheldt på julefesten.

Eldrerådet i Luster 2011-15



Bak frå venstre: Johan Solheim, Kåre Høyheim, Kjartan Kvien, Johannes Lad (leiar), Ivar Kvalen (varamedlem for Marit Aakre Tønø). Framme frå venstre: Anna Brendstuen (nestleiar) og Inger Møyfrid Sperle.



Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for min-negåva me fekk i høve

**Steinar Fortun
si gravferd.**

Helsing
Luster sjukeheimstene-s-te avd. Luster
Nina Holen
Avdelingsleiar

Hjarteleg takk for min-negåva me fekk i høve

**Ingel Vigdal
si gravferd.**

Helsing
Luster sjukeheimstene-s-te avd. Gaupne
Margrete Søhoel
Røneid
Avdelingsleiar

Hjarteleg takk for min-negåva me fekk i høve

**Ola Bjørk
si gravferd.**

Helsing
Luster sjukeheimstene-s-te avd. Gaupne, og ATS
Margrete Søhoel
Røneid, avdelingsleiar,
og Odd Atle
Stegejerdet, leiar ATS

Hjarteleg takk for min-negåva me fekk i høve

**Nils T. Skjerven
si gravferd.**

Helsing
Luster sjukeheimstene-s-te avd. Hafslo
Ruth Karin Kvam
Avdelingsleiar



Ingrid Solheim feira dagen sin 2. februar på Hafslo omsorgssenter saman med slekt og vener.

Spreke 100-åringar

I februar kunne to spreke damer på Hafslo feire 100-årsdagane sine, og mellom gratulantane var ordførar Ivar Kvalen som helsa frå Luster kommune med fine blomstrar



Kristina Lomheim feira dagen sin 14. februar i heimen sin saman med sine nærmaste.



Julemiddagen

ATS arrangerer mange sosiale tilstellingar for medarbeidarane sine i løpet av året. Eit av høgdepunkta er julemiddagen, her frå samlinga på Pyramiden Senterkafè 22. desember i fjor. 40 av dei ca. 50 medar-

beidarane møtte fram, og i tillegg til god, tradisjonell julebuffèt var innhaldet song og talar, gåver og julehelsingar m.m. Dei musikalske innslaga var ved Sverre Høgemo.

"Uhørte stemmer og glemte steder"

Tysdag 14. februar opna utstillinga "Uhørte stemmer og glemte steder – fortellinger fra utviklingshemmedes historie" på Kystmuséet i Florø. I samband med opninga av utstillinga framførte John Havellen, saman med Roland Schwarz og Odd Atle Stegegjerdet, framsyninga "Wittgenstein og eg". Utstillinga vert ståande oppe på Kystmuséet i ca. ein månad.

I 2011 var det 20 år sidan HVPU-reforma vart gjennomført, - ei reform som førte til at utviklingshemma fekk flytta bort frå institusjonane. Utstillinga "Uhørte stemmer og glemte steder – fortellinger fra utviklingshemmedes historie" viser utviklingshemma sine levekår i Noreg gjennom tidene. Den vart første gong stilt ut på Lepramuséet i Bergen våren 2011. Også den gongen vart "Wittgenstein og

eg" synt fram i samband med opninga av utstillinga. Florø hadde sin eigen distriktsheim for psykisk utviklingshemma, Solbakken, som var i drift frå 1961 og fram til reforma vart sett i verk. Tidlegare leiar ved Solbakken, Lasse Seim, tok forsamlinga med gjennom innføringa av reforma i Florø, og reflekterte litt rundt at utviklinga av tilbodet til utviklingshemma på mange måtar ser ut til å gå "i sirkel": Metodar som vert føretrekte i ein tidsperiode



John studerer ei skjematiske framstilling av tankane til Ludwig Wittgenstein. Ikkje lett å bli klok på dette.

vert forkasta i neste, for så å verta lansert att som nyvinningar på eit seinare tidspunkt.

Med Gamlestova barnehage til India

Fredag 18. februar sette Kari Beheim Karlsen seg på flyet med kurs for Kolkata i India. Oppdraget var følgjande: Ho skulle representere Gamlestova barnehage i samarbeidsbarnehagen/-skulen vår Nava Jyoti. Målet for turen var å få meir innblikk i korleis dei jobbar der, korleis konkret barnehagen vert driven, samt korleis me kan hjelpe dei med utbetringar. Tilbake skulle ho formidle inntrykk og erfaringar ho har gjort seg der til oss i barnehagen (ja kanskje også andre interesserte for den del...), fortel styrar ved Gamlestova barnehage på Hafslo, Rune Helle, til Lustranytt.

Bakgrunn

Gamlestova barnehage søkte i vår Fylkesmannen om kr 20.000,- i entrepenørskapsmidlar for 2011-2012, noko vi fekk innvilga. Midlane nyttar vi til å finansiere studieturen for Kari og til å hjelpe barnehagen i å finansiere aktivitet knytt opp til

ATS i Radio Luster

Radio Luster sende 24. februar og 2. mars ein reportasje på til saman ca. 45 minuttar frå ATS. Gjennom denne reportasjen fekk lydarane vera med reporter Kjell Oppheimshaug og leiar ved ATS, Odd Atle Stegegjerdet gjennom verksemda. 10 av medarbeidarane vart intervjua undervegs, og arbeidet på dei ulike avdelingane og arbeidsstasjonane vart skildra.

Gå inn på Radio Luster, www.radioluster.no, og høy opp att reportasjene frå ATS.

entreprenørskap i Gamlestova. Vi driv med sosialt entrepenørskap, som ein av få barnehagar i Noreg. Det finst fleire definisjonar på sosialt entrepenørskap, men dette er den norske versjonen som gjev best mening for oss:

"Dersom man driver forretning med sosiale, fremfor finanzielle, motivasjoner kalles det sosialt entrepenørskap. En sosial entreprenør anerkjenner et sosialt problem og bruker virkemidler fra forretningsverdenen for å bidra til å løse dette problemet. Suksess i sosialt entrepenørskap blir ikke målt i profitt, men i hvor stor positiv innvirkning virksomheten har på samfunnet" (Merete Grimeland og Tom Erik Støwer, 2009).

Me har sidan 1993 drive veldeidigt arbeid. Gamlestova barnehage vart då samde om å støtta ein barnehage i India (Nava Jyoti). Som ein takk for stønaden mottek vi jamleg brev med bilet om livet i barnehagen, samt rekneskap for kvart år. For tida har Nava Jyoti 72 born.

Innsamlingsmåten fram til 2010 var å arrangere ein basar kvar haust.

Nava Jyoti ligg i utkanten av Kolkata, i eit svært fattig byområde som heiter Barrackpore. Den er organisert under ISSA, The Indian Society For Sponsorship And Adoption, noko som gjer prosjektet oversiktleg og lett å kontrollera. Kvart år har me fått tilsendt rapport og rekneskap. Då har me fått informasjon om kva pengane me har samla inn, har vore brukt til.

Barnehagen er for born av fatti ge foreldre. I 1993 var det 30 born i barnehagen. I mange år gjekk alt overskotet av den årle-

ges basaren vår i samband med SN-dagen til Nava Jyoti.

Midlane vert der brukt til løn til lærarar, mat, skuleuniformer og kostnader som er knytt til bygningsmassen. I tillegg har me sendt både leiker, teiknesaker og kle. Teikningar og foto har vorte utveksla mellom Nava Jyoti og Gamlestova.

Frå vinteren 2011 har me starta ein ny måte å skape inntekter på. Det vi gjer no er å arrangere ei rekke aktivitetar spreidd utover året. Sentralt i arbeidet er å lære borna at dei med innsatsen sin på ulike måtar kan skape verdiar og inntekter som kjem andre til gode. Arbeidsmåtane våre er fleire. Me lagar til middagar som vi sel til foreldre og born, vi har turmarsj, omvendt julekalender og vi arrangerer lyn-lotteri på Buene torsdag før palmehelga. Nye idear for inntektskjelder til Nava Jyoti er noko me ser etter heile tida. Aktiviteten kan difor endre seg etter kvart.

Prosjektet/tiltaka har også som mål:

- Å halde barn frå andre kulturar (Nava Jyoti) som tema gjennom heile året og kompensere for bortfall av inntekter som basaren har generert.
- Samarbeidet vårt med Nava Jyoti skal i større grad prege barnehagen vår, slik at borna våre aukar forståinga og kompetansen sin om framande kulturar.

Vonaleg vert det endå meir spennande for dei små entrepenørane våre å jobbe for Nava Jyoti no når vi har fått formidla erfaringane frå Kari!

Vidare kan du lese om tankar og betraktningar ho har gjort seg før, under og etter turen.

Kari Beheim Karlsen fortel om Besøket i Nava Jyoti

I februar i år er eg så heldig at eg skal få reisa til Kolkata, eg skal få vera på Nava Jyoti. Eg skal få vera i lag med borna i barnehagen, eg skal få møta born og personale eg har sett på bilet og på film. Eg skal få verta kjend med ein ny barnehage, langt, langt frå Noreg. Eg skal reisa saman med Irene Figenschou som er prosjektleiar i Noreg, og som gjer alt på frivillig basis.

Dette er spennande. Før eg reiser har me i barnehagen samla inn kle som eg skal ta med meg. Borna på alle fem avdelingane har laga hefte om seg sjølve, med foto, kart, teikningar o.l. som eg skal ta med. I tillegg ville borna på Loftstova at eg skulle ta med ballongar. Dei hadde sett ein video frå Nava Jyoti der dei hadde merka seg at borna likte godt ballongar. Det hadde gjort inntrykk. Eg fekk koma rundt på alle avdelingane før eg reiste. Der fekk eg hefta, og me snakka om kvar og kva eg skulle.

Eg prøvde å tenkja meg korleis det ville bli å gå inn porten i barnehagen Nava Jyoti, men det var vanskeleg. I det heile var det vanskeleg å tenkja seg kva eg ville møta.

Seint om kvelden 18. februar var me på plass i Kolkata. Reiste frå snø og kuldegrader til ein dagtemperatur på ca 35 varmegrader. Allereie på vegen frå flyplasen til hotellet såg eg mykje som vitna om at Kolkata har store, sosiale utfordringar. Det var mykje vondt å sjå kvar dag i Kolkata. Det er vanskeleg å forstå at verda er så urettferdig at små born ikkje skal ha det godt. Dei som kjenner Kolkata seier at det har vorte betre der. Då lurer



Hefta som borna frå Gamlestova har laga skapar kontakt på tross av manglende verbal kommunikasjon.

eg på korleis det har vore før? Så då var det godt å koma til Nava Jyoti. Etter indisk standard er det ein bra barnehage. Alle tok så godt i mot oss, eg følte meg så velkommen, det kjendest godt. På veggen i eine rommet hang eit bilde frå Gamlestova, og dei visste vel om oss. Det var spesielt.

Det er i dag 72 barn i barnehagen. Borna går i aldersreine grupper. Dei yngste er 2,5 år, dei eldste 5 – 6 år. Dei minste har ikkje så lang dag, ca 4 timer. Læring retta mot skulen er hovudaktivitet. Den minste gruppa jobba med tal då me var der. Eg vart imponert då treåringane jobba med tal, større enn og mindre enn opp til 100. Og me fekk høyra at dei kunne det.

Alle hadde kvar sin liten sekks med ei lita bok. Sjølvsagt ville alle visa boki si. Dette var dei stolte over, men dei fekk ikkje ta det med seg heim. Dei minste sat på matter på golvet, og det var ingen møblar i det rommet dei

var. Dei eldste sat på benker med smale langbord framfor seg.

Det var spennande å visa fram hefta frå borna i Gamlestova. Borna peika og spurde, men verbal kommunikasjon vart ei utfordring. Og dei snakka seg i mellom om hefta.

Nokre av dei tilsette kunne litt engelsk, men indiskengelsk og sogaengelsk, ja, det var ei spennande kommunikasjonsform. Eg fekk ikkje inntrykk av at det var så mykje leik i barnehagekveldagen på Nava Jyoti. Målet var at borna skulle få teoretisk kunnskap for å koma seg fram i livet og få seg utdanning. Litt leiker hadde borna, og eg såg att noko av det me sende for mange år sidan.

Alle borna har uniformer, to sett kvar, kjøpt til dei av prosjektmidlar. Det er nok bra, siden dei kjem frå fattige familiær. Kleda eg hadde med meg vart delte ut, så dei minste fekk eit antrekk kvar. Dei minste kleda fekk barneheimen Nava Jeevan, som og

er organisert under ISSA. Borna på Nava Jyoti får eit varmt måltid i barnehagen kvar dag, og legetilsyn. Så der har dei det svært bra samanlikna med andre born i Kolkata.

Når borna sluttar på Nava Jyoti, er det viktig at dei held fram på skulen. Det vart sagt at den offentlege skulen ikkje er så bra, så målet er å få borna frå Nava Jyoti inn på privatskular. Prosjektet betalar då skulepeng for desse.

Når barnehageborna har gått heim, kjem borna frå skulen til Nava Jyoti for å få eit måltid og gjera lekser. Då er det andre vaksne som kjem til barnehagen for å hjelpe til med dette.

Det som gjorde størst inntrykk på Nava Jyoti var møte med tidlegare barnehageborn.

Dei gjekk i barnehagen då me på Gamlestova byrja å støtta prosjektet, no var dei vaksne og fleire var under utdanning. Desse var det sterkt å møta og snakka med, og vita at me faktisk har gjort ein kjempestor skilnad for dei. Vår støtte har gjort at dei no kan koma seg ut av fattigdommen. Ein var vorten lærar, ein var nesten ferdig dataingeniør, o.l.

Me snakka og med nokre jenter som gjekk på det me vil kalla vidaregåande om deira draumar for framtida. Då var det ei jente som sa ho ville verta advokat, men det gjekk nok ikkje, for dei var så fattige. Irene svara ho då at dei skulle snakkast att, kanskje kunne prosjektet støtta henne.

Laga fest for oss

Ein dag hadde borna laga fest for oss. Dei song og dansa og var kjempflinke. Her deltok alle - frå dei minste til dei eldste/vaksne som hadde gått i barnehagen før. Siste søndagen reiste me alle på piknik. Stor stas for små menneske, som truleg aldri er på tur. To små laste-



Irene Figenschou saman med to ungdommar som gjekk i barnehagen då me starta å støtte Nava Jyoti.

bilar sto for transporten til og frå. Med neverande og tidlegare barnehageborn, tilsette og nokre foreldre som laga mat, var me til saman 140 personar. Maten vart kokt ute, så alle fekk eit varmt måltid i nesten 40 varmegrader

ute. Dei store organiserte leikar med dei små. Det imponerte meg kor flinke dei var. Denne dagen fekk borna ballongane frå Loftstova, til stor glede og mykje moro. Så var det tid for avskjed. Det

gjer godt å sjå at vårt vesle bidrag frå Gamlestova kan bety så mykje for nokon som ikkje har det så godt materielt sett som oss. Godt å oppleva at til tross for store sosiale utfordringar har personale på Nava Jyoti same målet som oss - ynskje om eit godt liv og ei god framtid for dei små menneska me jobbar med.

Gåver frå Gamlestova

I 2012 har Gamlestova overført ca. 20.500 kroner til Nava Jyoti. Eg hadde med meg over 11.000 kroner til Nava Jyoti. Dette var pengar frå «omvendt» adventskalender i barnehagen, gavet frå personalet, gåver frå tre privatpersonar og ei bedrift som hadde høyrt om kvar eg skulle. Pengane er brukst/kal brukast til: Nye sko til alle 72 barnegebarna, capsar til alle (nokre få hadde, mange kunne tenkja seg no når den varme tida kjem), ny «benkeplate» på kjøkkenet (den dei hadde, var sprukken), leikeapparat ute på ein liten leikeplass utan noko. Om det er noko att, vert det kjøpt meir leiker enn dei som allereie er kjøpt. Hjarteleg takk, alle saman!

Gamlestova barnehage.



Stas med ballongar frå Loftstova!

Tilbake på Gamlestova

So er eg tilbake på Gamlestova full av inntrykk og tankar. Korleis skal eg formidle dette til alle våre små i barnehagen? Saman med dei andre i barnehagen vår er me blitt samde om:

- Eg har med teikning frå kvart born i Nava Jyoti til kvart enkelt barn på Gamlestova. Desse skal eg overrekka ved ei samling på den enkelete avdeling. Borna får då høve til å stille spørsmål.
- Visa masse foto og film.
- Veggbilete som er typisk for India til kvar enkelt avdeling.
- Fader Jakob omsett frå engelsk til bengali (språket borna på NJ snakkar).
- Indiske flagg til alle avdelingar.
- Kalendar frå ISSA.
- Cd'ar med indisk (bengali) musikk.

Heilt til slutt vil eg berre få framheva at dette har vore ei både innholds- og opplevingsrik erfaring, med ei mengd inntrykk. Desse vil eg ha med meg i lang tid framover, og eg delar gjerne med dei som vil høre.

Ny GIV

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Ny Giv, initiert av den sitjande regjeringa, har som utgangspunkt å få fleire ungdommar til å fullføra den vidaregåande opplæringa. Både for den einskilde og samfunnet er resultatet av drop out, eller elevar som ikkje fullfører yrkesfagleg eller studespesialiserande utdanning, ei stor utfordring. Og i større grad enn tidlegare krev samfunnet vårt ei fagutdanning for å kvalifisera seg til jobb i arbeidslivet. Ikkje uventa ser ein at det er ein nærliggande sammenheng mellom faglege prestasjonar på ungdomssstegene og graden av fullførd vidaregåande utdanning. I gjennomføringsbarometeret for 2005 går det fram at elevar med over 50 grunnskulepoeng i stor grad fullførde, medan dei som hadde under 30 grunnskulepoeng, var det berre 20 prosent som oppnådde studie- eller yrkesfagleg

kompetanse i løpet av fem år. Grunnskulepoeng vert rekna ut ved at alle avsluttande karakterar som blir ført på vitnemålet, vert lagt saman og delt på tal karakterar slik at ein får eit gjennomsnitt. Deretter vert gjennomsnittet ganga med 10. Som ein konsekvens av dette vil utvalde elevar få tilbod om eit intensivt kurs siste halve året på ungdomsskulen for å betra sine lese-, skrive- og reknedugleikar. Slike kurs er starta opp i rekning på ungdomssstega i kommunen. Lærarar frå Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule har delteke i landsdekkande etterutdanningskurs der dei har vorte skulerte innan dei ulike fagområda. Den nyvunne metodiske kunnskapen vert i desse dagar utprøvd på elevar som deltek i Ny Giv. Men målet er at alle elevar i Luster skal dra



Meld. St. 22
(2010–2011)
Melding til Stortinget

Motivasjon – Mestring – Muligheter
Ungdomstrinnet



nytte av han ved erfaringsutveksling blant lærarane i kommunen vår.

For elevar som deltek i Ny Giv er det sett inn fleire tiltak som skal underbyggja fullføring av vidaregående opplæring.

Rådgjevarane på ungdomssstega skal hjelpe dei aktuelle elevane med å skaffa seg sommarjobb, og i tillegg vil nokre elevar frå kommunar i Sogn og Fjordane bli trekt ut til å delta på sommarkamp på Fjordane Folkehøgskule. I den vidaregåande skulegangen vil dei elles bli følgde opp ekstra både fagleg og sosialt. Med det som målsetjing at dei skal fullføra vidaregåande utdanning!

For meir informasjon kan ein gå inn på Utdanningsdirektoratet si heimeside.



Kine og Mathilde spelte for kommunestyret

Kine Svori (t.v.) og Mathilde Skjærret frå Jostedal – vinnarane av juniorklassen i gruppespel for hardingfele under Landskappleiken i Seljord i fjor sommar – underheldt for kommunestyret i februar. Fleire kommunestyremedlemer trødde takten saman med Kine og Mathilde.

Til hausten kjem dei til å skilje lag når dei skal starte på kvar sin vidaregåande skule; Kine skal til Vinstra og Mathilde skal til Firda på Sandane. Men dei håpar å møtast i feriane og fortsette samspelet då.

Folkehelse utfordringar for Luster kommune

I samband med

Samhandlingsreforma leverer nå Folkehelseinstituttet ut folkehelsedata til alle kommunane i landet. Kvar januar vil vi få nye data. Datasetta gjev ikkje full oversikt over alle helsedata, men gjev ein god pekepinn. Det manglar ennå data på tal røykarar og kroppsmasseindeks (KMI).

Helse og sjukdom:

Total tal sjukehusinngellingar pr 1000 er hos oss 154,4, landet 162,8 og fylket 170,2. Vi har og færre innleggingar i psykisk helse. Vi utmerkar oss med høgt tal personar med sukkersjukdom - dette er vurdert ut frå legemiddelstatistikk. Vi brukar meir av tabletter og insulin. Vi har og høgt forbruk av legemidlar for hjerte/kar sjukdommar og kolesterolsenkande medisin. Dette passar godt med at vi har mange personar med hjertesjukdommar. Vi har og registrert høg dødelegheit for hjerteinfarkt i gruppa 0-74 år.

For dødelegheit av kreftsjukdom i aldersgruppe 0-74 år finn vi menn på 92/100000, for landet er talet 119 og fylket 115. For kvinner er det motsett med 133, for landet 106 og fylket 98. Dødelegheit for kreftsjukdom hos kvinner ligg altså høgt og har halde seg slik frå 2005.

For 2010 finn vi at vi har større del nyfødde med høg fødselsvekt, og høgare del med låg fødselsvekt.

Vi opplever i landet aukande ulikskap i helse. Dette er knytt



Helsesjef Knut Cotta Schønberg.

til lengde på utdanning og inntekt. Store sosiale forskjellar kan vere ein peikepinn på at det er store sosiale helseforskjellar i ein kommune. Levekårsdata for Luster kommune syner at det er lite forskjellar hos oss. God trivsel i lustraskulen er viktig for barna si helse, sosiale ferdigheter og sjanse for å klare vidaregåande skule.

Hovudutfordingane for oss i Luster er å redusere førekomensten av hjerteinfarkt, diabetes type 2 og kreftsjukdom - spesielt hos kvinner. Desse sjukdommane er

alle relatert til livsstil. Høg fødselsvekt er og risiko for høgare vekt seinare i livet.

Diabetes type 2 er i hovudsak relatert til overvekt og sjukdommen debuterer i voksen alder. Diabetes gjer auka risiko for hjerte/kar sjukdom.

Hjerteinfarkt er relatert til livsstil som røyking, høgt blodtrykk, høge fettnivå i blodet.

Røyking er den viktigaste årsaka til at folk får kreft, og er skuld i 2 av 10 kreftutbrot.

Alkoholkonsum er blant dei nest viktigaste årsakene.

6 prosent av menn som får kreft et lite frukt og grønt, medan 7 prosent av kvinner som får kreft er overvektige. Eit glas alkoholhaldig drikke om dagen aukar fare for brystkreft med 10 prosent.

Vi må ta ansvar for eiga helse
Det kan førebyggje kronisk sjukdom.

Kutt røyken. Reduser forbruk av alkohol. Dei som mosjonerer jamleg vil førebyggje overvekt, hjerte/kar sjukdom, samt få ei rekke andre gode helse effektar. Trim er og viktig for gravide. Barn bør ha minst 1 time fysisk aktivitet dagleg i skuletida. Gode vanar tek ein lettare med seg i vakse liv.

Folkehelsedata for Luster kommune viser oss at lusteringane har jamt over god helse og gode levekår. Avvik finn vi på livsstilsjukdommane. Dette kan vi alle gjere noe med!

FOLKEHELSEPROFIL 2012

Luster



Frå 1. januar 2012 treir lov om folkehelsearbeid i kraft.
Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og kva for faktorar som kan påverkast.

Utgitt av
 Nasjonalt folkehelseinstitutt
 Avdeling for helsestatistikk
 Postboks 4404 Nydalen
 0403 Oslo
 E-post: kommunehelsa@fhi.no

Redaksjon:
 Geir Stene-Larsen (ansv. redaktør)
 Else-Karin Grøholt (fagredaktør)
 I redaksjon: Faggruppe for folkehelseprofilar
 Forsidefoto: Colourbox
 Nynorsk

Elektronisk distribusjon:
www.fhi.no/kommunehelsa



Hovudtrekk i folkehelsa i kommunen

All statistikk er basert på dagens kommunegrenser. Temaområde er valt ut frå eit førebyggingspotensial, det gjeld også området helse og sjukdom. Indikatorane tar høgde for alders- og kjønnssamsetninga i kommunen.

Om befolkninga

- Det har vore befolkningsvekst i kommunen i 2010.
- Prosentdelen eldre over 80 år i kommunen er høgare enn landsgjennomsnittet.
- Forventa levealder for menn er ikkje eintydig forskjellig frå landsgjennomsnittet.

Levekår

- Færre personar har grunnskule som høgaste utdanning samanlikna med landet elles.
- Prosentdelen personar i hushald med låg inntekt er lågare enn elles i landet.
- Arbeidsløysa er lågare enn landsgjennomsnittet.
- Prosentdelen uføretrygda under 45 år er ikkje eintydig forskjellig frå landsgjennomsnittet.

Miljø

- Andel personar tilknytta vassverk med forskriftsmessig tilfredsstillande analyseresultat m.o.t. E. coli, i prosent av befolkning tilknytta rapportpliktig vassverk, ser ut til å vere høgare enn elles i landet.
- Talet på dei som blir lagt inn på sjukehus for personskadar etter ulykker, er ikkje eintydig forskjellig frå landsgjennomsnittet.

Skule

- Ungdom trivst betre på skulen enn det som er vanleg elles i landet, vurdert etter trivsel hos 10.-klassingar.
- Talgrunnlaget for meistringsnivå i lesing er utilstrekkeleg for statistisk testing.
- Fleire fullfører vidaregående skule enn det som er vanleg elles i landet.

Levevanar

- Røyking ser ut til å vere eit mindre problem enn elles i landet, vurdert etter prosentdelen gravide som røykjer ved første svangerskapsskontroll. Vi har ikkje tal for resten av befolkninga.
- Tal for overvekt på kommunenivå er under utarbeiding.

Helse og sjukdom

- Færre personar brukar legemiddel mot psykiske lidningar, som blant anna angst og depresjon, samanlikna med resten av landet.
- Hjarte- og karsjukdom, vurdert etter talet på pasientar behandla i sjukehus, er ikkje eintydig forskjellig frå landsgjennomsnittet.
- KOLS og astma hos vaksne ser ut til å vere mindre utbreidd enn elles i landet, basert på bruk av legemiddel (45-74 år).
- Utbreiinga av type 2-diabetes, målt ved bruk av legemiddel, ser ut til å vere høgare enn elles i landet (30-74 år).



Sosial ulikskap i helse

Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. For eksempel har denne gruppa lengre forventa levetid enn personar med lågare utdanning og inntekt. Særleg dei siste ti åra har helseforskjellane auka, det gjeld både fysisk og psykisk helse, og både barn og voksne. Utjamning av sosiale helseforskjellar er derfor ei viktig målsetjing i folkehelsearbeidet.

Store sosiale forskjellar kan vere ein peikepinn på at det også er store sosiale helseforskjellar i kommunen.

Figur 1 er eit bilet på inntektsforskjellar i kommunen samanlikna med landet i 2009. Målet for inntektsforskjellar (Gini-koeffisienten) varierer mellom 0, som vil seie at det ikkje er inntektsforskjellar, og 1, som vil seie at ein person eig all inntekt eller formue i kommunen. Gini-koeffisienten blir sterkt påverka av ekstremverdiar, for eksempel dersom få personar har svært høg inntekt. Den må derfor tolkast med varsemd.

Arbeidsdeltaking og sjukefråver

Lange sjukemeldingar aukar risikoen for seinare uførepensjon. Etter uføretrygding er det ofte mindre sjanse for å kome tilbake til arbeidslivet igjen. Årsakene til sjukefråver og uførepensjon er ofte samansette. Det er derfor viktig å tolke arbeidsløyse, sjukefråver og uføre i lys av kunnskap om lokale forhold.

Figur 2 viser prosentdelen uføretrygda under 45 år i kommunen samanlikna med landet (treårig glidande gjennomsnitt, standardisert for alder og kjønn). Året 2010 betyr her eit gjennomsnitt for perioden 2008-2010.

Dagens velferdssordningar gir den enkelte eit viktig sikkerhetsnett, men det kan òg vere uheldig for helsa dersom ein ikkje lenger har eit arbeid å gå til. Ein mistar blant anna det sosiale nettverket som ein har på jobben. Grupper som står utanfor arbeidsliv og skule har ofte dårlegere psykisk helse og meir usunne levevanar enn personar som er i arbeid. Dei siste ti åra har prosentdelen som får sjukemelding og uføretrygd vore høgare i Noreg enn i andre OECD-land.

Skolemiljø og utdanning


Trivsel i undervisningssituasjonen påverkar elevane sin motivasjon for læring og dermed deira evne til å meistre faglege utfordringar. Trivsel og skuleprestasjonar i grunnskulen påverkar derfor moglegheitene til å fullføre vidaregående utdanning. Grupper som fell ut av vidaregående skule, har oftare dårlagere helse, mindre sunne levevanar og dårlagare økonomi.

Utdanning bidrar til å fremme helse vidare i livet gjennom arbeid og deltaking i samfunnet. Skulen er dessutan ein viktig sosial arena som gir venner, fellesskap og kjensle av å høyre til.

Data om faglege ferdigheter, trivsel og fråver av mobbing i barne- og ungdomsskulen kan saman gi ei breiare forståing av skolemiljøet i kommunen og peike på område for å førebyggje fråfall i vidaregåande skule.

Figur 3 viser prosentdelen elevar på 10. trinn som trivst på skulen i 2011. Kommunen er samanlikna med landet, og tala er standardisert for kjønn. Året 2011 betyr her eit femårig gjennomsnitt for perioden 2007-2011. Eit avgrensa talgrunnlag kan føre til at kommunen sine verdiar ikkje blir vist.


Figur 1. Inntektsulikhet, 2009



Figur 2. Uføretrygda under 45 år, 2002-2010



Figur 3. Trivsel på skulen, 10. trinn, 2011



Skadar og ulykker

Dødelegheita av skadar og ulykker har gått jamt ned sidan 1950-talet. Likevel er skadar og ulykker framleis eit betydeleg helseproblem, særleg blant barn, unge og eldre.

Blant eldre er hoffebrot spesielt alvorleg fordi det kan medføre redusert funksjonsevne og behov for hjelp, og dermed redusert livskvalitet. Ei sterkt medverkande årsak til brot blant eldre, særleg for kvinner, er låg beinmasse (osteoporose). Blant ungdom og unge menn er trafikkulykker årsak til både redusert helse og tapte liv.

Figur 4 viser personskadar etter ulykker behandla i sjukehus (alle aldrar) i 2010. Kommunen er samanlikna med landet, og tala er standardisert for alder og kjønn. Året 2010 betyr her eit treårig gjennomsnitt for perioden 2008-2010. Eit avgrensa talgrunnlag kan føre til at kommunen sine verdiar ikkje kan visast.

Statistikk over dødsårsaker og sjukehusbehandla personskadar viser berre omfanget av dei mest alvorlege ulykkesskadane. I tillegg er det mange mindre alvorlege ulykkesskadar. Det blir arbeidd med å få betre oversikt over ulykker og skadar i Noreg.

Levevanar

Røyking er den levevanen som i dag har størst betydning for folkehelsa. Sjølv om prosentdelen røykjear har gått ned, røykjer framleis ein stor del av befolkninga. Hos eldre ser vi at mange blir ramma av røykjerelaterte sjukdommar som lungekreft, kols og hjarte- og karsjukdommar. Førekosten av slike sjukdommar i kommunen seier noko om levevanane for tidlegare år, sjá også punktet "helse og sjukdom" nedanfor.

Figur 5 viser røyking blandt gravide ved første svangerskapskontroll i kommunen samanlikna med landet (tiårig glidande gjennomsnitt, standardisert for alder). Året 2010 betyr her eit gjennomsnitt for perioden 2001-2010. Eit avgrensa talgrunnlag kan føre til at kommunen sine verdiar ikkje blir vist.

Fysisk aktivitet, kosthald, sosiale aktivitetar og bruk av rusmiddele er eksempel på andre levevanar som har stor betydning for fysisk og psykisk helse i alle aldersgrupper. Å legge til rette for fysisk aktivitet, gode nærmiljø og stimulering av sosiale aktivitetar er eksempel på område der det er mogleg for kommunen å påverke folkehelsa på ein positiv måte.


Helse og sjukdom

Førekosten av hjarte- og karsjukdommar, kols, diabetes og røykjerelaterte kreftsjukdommar seier noko om tidlegare levevanar. Vi har dessverre lite statistikk om førekost av livsstilsjukdomar i kommunane.


Figur 6 er basert på dødsårsaksregisteret og viser utviklinga i dødelegheit av hjarte- og karsjukdommar i aldersgruppa 0-74 år. Kommunen er samanlikna med landet (tiårig glidande gjennomsnitt, standardisert for alder og kjønn). Året 2009 betyr her eit gjennomsnitt for perioden 2000-2009. Dersom dødelegheita er høg, er det ofte eit signal om at mange er sjuke på grunn av bl.a. infarkt og hjerneslag. Eit avgrensa talgrunnlag kan føre til at kommunen sine verdiar ikkje blir vist.

Legemiddelstatistikken kan indirekte også seie noko om førekosten av livsstilsjukdomar, men data frå Reseptregisteret må tolkast med varsemd. Foreskrivningspraksis kan variere mellom kommunar, og eitt legemiddel blir ofte brukt mot fleire ulike sjukdommar.


Figur 4. Sjukehusbehandla ulykkesskader, 2010



Figur 5. Røyking ved første svangerskapskontroll, 2008-2010



Figur 6. Dødelegheit av hjarte- og karsjukdom, 1995-2009




Folkehelsebarometer for din kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkeltall i kommune og fylke samanlikna med tal for heile landet. Kommunar og fylke kan ha ei anna alders- og kjønnsfordeling enn landsgjennomsnittet, og det er korrigert for dette både i figuren og i dei to tafkolonnane til venstre. I dei tre kolonnane høil til høgre finn du nøkeltalet utan alders- og kjønnskorrigering.

Figuren viser forholdstala på ein skala som aukar frå 50 til 200 eller fell frå 200 til 50, avhengig av indikator. Forholdstal som er lågare enn 50 eller høgare enn 200 blir vist som ein halvsirkel i ytterkant av figuren. Forskjellen mellom kommunen og landet er testa for statistisk signifikans, sjå www.fhi.no/kommunehelsa

- Kommunen ligg betre enn resten av landet dette året/denne perioden
- Kommunen ligg dårligare enn resten av landet dette året/denne perioden
- Testen viser at det er usikert om kommunen ligg dårligare eller betre enn landet
- Ikke testa for statistisk signifikans
- ◆ Gjennomsnittsverdien for fylket (ikke testa for statistisk signifikans)
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Gjennomsnittet for Noreg

"Grøn" verdi for eit helsemål kan likevel innebere ei viktig folkehelseutfording for kommunen, då landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå. For å få ei betre oversikt over utviklinga i kommunen kan du lage diagram i Kommunehelsa statistikkbank. Les meir på www.fhi.no/kommunehelsa og sjå Kommunehelsa statistikkbank <http://khs.fhi.no>.



Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

Forkortinger: IAS=Indirekte aldersstandardisering, IKS=Indirekte kjønnsstandardisering

1. Per 1000, 2010. 2. %, 2010. 3. %, 16-66 år, 2011. 4. %, 2011. 5. % i 2020. 6/7. Berekna basert på aldersspesifikk dødeleghet, 15 års gjennomsnitt, 2009. 8. %, 30-39 år, IAS, IKS, 2010. 9. % personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av medianinntekta (EU), 2009. 10. Mål på inntektsforskjellar. Skala 0-1 der høgare verdi indikerer større forskjellar. 2009. 11. % av personar i arbeidstakta, 2010. 12. %, 18-44 år, IAS, IKS, 2010. 13. % av alle barn det vert betalt barneforsygd for, 2010. 14. Prosentdel personar tilknytta vassverk med forskriftsmessig tilfredsstillande analyseresultat m.o.t. E.coli, i prosent av befolkning tilknytta rapportertlig vasskjelde, 2009. 15. Per 1000, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 16. %, 5-årig gjennomsnitt, IKS, 2011. 17. %, 5-årig gjennomsnitt, IKS, 2011. 18. % av 5. klassingar, 2-årig gjennomsnitt, IKS, 2010. 19. %, 2-årig gjennomsnitt, 2010. 20. % av kvinner på første svangerskapskontroll, 10-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 21. Data manglar. 22. Data manglar. 23. Per 1000, ekskl. psykiatrisk sykehús, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 24. inkludert polikliniske konsultasjoner, per 1000, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 25. Per 1000, 0-74 år, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 26. Per 1000, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 27. Per 100 000, 0-74 år, 10-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2009. 28. Per 1000, >45 år, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 29. Per 1000, 45-74 år, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 30. Per 100 000, 0-74 år, 10-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2009. 31. Per 1000, 30-74 år, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 32. Per 1000, 3-årig gjennomsnitt, IAS, IKS, 2010. 33. %, 10-årig gjennomsnitt, 2010. 34. %, 10-årig gjennomsnitt, 2010.

Datkjelder: Statistisk sentralbyrå, Dødsårsaksregisteret, NAV, Utanningsdirektoratet, Vassverksregisteret, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister og Receptregisteret. For meir informasjon om indikatorane, sjå <http://khs.fhi.no>



Entreprenørskap på nye vegar

Entreprenørskap kan ikkje vedtakast, men skapast gjennom handling og utviklingsprosessar. Dette er kompetanse som er avgjerande viktig for framtida – for å ”snu Sogn”.

Entreprenørskap er forankra i Kunnskapsløftet, men vi må styrke samanhengen mellom pedagogisk entreprenørskap og inkludere arbeidsliv og lokal-samfunn som læringsarenaer. Den 18. januar var det ei dags-samling for heile sogneregionen i Gaupne, med entreprenørskap som emne. Det var ei felles samling med dei kommunale næringsavdelingane, lærarar i grunnskulen og vidaregåande skule som arbeider med entreprenørskap, arbeidslivskontaktar, skuleleiarar og deltakarane i nettverket for entreprenørskap. På denne dagen var det fleire spanande tema:

- Korleis tilrettelegga for pedagogisk entreprenørskap i skulen på alle nivå? Inger Karin Røe Ødegård, førsteamanuensis v/ Høgskulen i Sogn og Fjordane.

- ”Næringsbussen” – nye vegar for samarbeid mellom skule og næringsliv i HAFS. Per Arne Tveit, dagleg leiar HAFS regionråd.
- Gründercamp: Korleis få næringslivet sine problemstillingar inn i klasseromma? Jørn Helgheim, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.
- Elevbedrifter og kreativitet på skulane ved Jørn Helgheim, UE S&F.

- Bedriftsbesøk for næringsavdelingane ved Olav Grov, næringssjef Luster kommune

Dei frammøtte frå næringsavdelingane både i kommunane i Sogn og fylkeskommunen, vitja både Luster mekaniske industri og Luster Sparebank som siste post på dagens program. Tema i møte med bedriftene var både lokalt utviklingsarbeid og rekruttering av nye tilsette.





Entreprenørskap ved Luster ungdomsskule

Elevane i 9. klasse har denne vinteren entreprenørskap og elevbedrifter på timeplanen. Me starta arbeidet med ein gründercamp 2. februar, der me fekk god hjelp av Jørn Helgheim frå Ungt Entreprenørskap. Han fortalte om det å ha gode idear og kva som er ein god ide, og me fekk sjå mange eksempel på tidlegare oppstarta elevbedrifter. Han viste også ein liten filmsnutt der me fekk sjå kva som har skjedd i fylket dei siste åra, med tanke på entreprenørskap. Elevane jobba i grupper på tvers av klassane og utvikla sine eigne forretningsidear. Desse ideane har dei fleste heldt seg til etter denne dagen, og no er bedriftene i full gang med arbeidet. Elevane er kreative og det er 9 bedrifter som gjer alt frå å produsere og selje ulike varer og tenester, til

arrangering av tilstellingar som dansekurs, foreldrekveld og lan. Veka etter påske er planen at elevane skal stille ut og vise fram bedrifta si ein dag på Pyramiden. Då inviterer me foreldre til å komme og sjå på

arbeidet deira. Tre av bedriftene får vera med å konkurrera på entreprenørskapsmessa 3. mai, og både foreldre og dei andre elevane på skulen skal få vera med å velje ut dei bedriftene.



Entreprenørskapsmessa

Ungdom, optimisme og pågangsmot!

Sogn regionråd og Luster kommune arrangerer entreprenørskapsmesse i Luster 3. mai. Om lag 500 ungdomsskulelevar frå Sogn kjem til Gaupne for ein inspirerande og lærerik dag.

Det er fjerde gong Sogn regionråd arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn. I 2012 er det Luster kommune som er vertskap. "Dette blir ein spanande dag, og ein god måte å marknadsføre Luster for dei tilreisande ungdomane. Dei vil få god innsikt i mangfaldet og kvalitetane vi har i kommunen", seier ordførar og vert Ivar Kvalen.

Ungdom først – ungdom sist
 Entreprenørskapsmessene har stadig utvikla seg, og arrangørane legg opp til å "sleppe" ungdomane til på flest mogleg arenaer. Lokale ungdomar vil vere konferansierar, dei vil stå for underhaldning, dei vil lage brosjyre for arrangementet og ungdomane vil sjølve vere vertskap og guidar for tilreisande skulelevar. Luster har eit mangfold i kulturliv og næringsliv, og det er viktig at ungdomane våre er medvitne kvalitetane i eige lokalsamfunn. Då er det god trening i å syne dette fram, poengterar Kvalen.

Yngvar visar veg

Entreprenørskap i skulen handlar ikkje om å tene mest mogleg pengar. Entreprenørskap dreier seg om å lære seg å takle utfor-

dringar og problemstillingar på nye og kreative måtar. Målet med entreprenørskap i skulen er å trenere elevane til å sjå eigne ressursar og moglegheitene i lokalsamfunnet. Det handlar om å forstå korleis arbeidslivet fungerer, korleis ein skal nytte ressursane sine til å bli gode arbeidstakrar – og på sikt gode arbeidsgjevarar. Det handlar også om å lære ansvaret for å vidareutvikle og forbetre arbeidsplassen ein blir ein del av. Entreprenørskap kan ikkje vedtakast, men berre skapast gjennom handling og utviklingsprosesser. Det er ein muskel som må trenast opp, og kven veit ikkje meir om nettopp dette enn Yngvar Andersen? Han skal halde plenumsforedrag for alle ungdomane. Fokuset er å våge å setje seg mål, arbeide gjennom oppturar og nedturar, og hauste fruktene nyskaping og solid innsats. Ein muskel blir som kjent ikkje sterkt utan motstand og litt slit.

Lokale verksemder

Det er 13 ungdomsskular i Sogn. Frå desse skulane kjem det om lag 25 elevbedrifter frå 9. klasse. Dei skal konkurrere med sine verksemder i tre kategoriar; 1. Berekraft, 2. Nyskaping og kreativitet og 3. Formidling og kommunikasjon. Hovudmålgruppa for messa er dei 360 elevane i 8. klasse i regionen. I tillegg til plenumsforedrag med Yngvar, vurdering av elevverksemndene til 9. klasse, skal 8. klassingane på besøk til 10 lokale verksemder i Gaupne. Der vil dei få innsikt i utfordringar og føremon med verksemndene i Gaupne. "Det lokale næringslivet stiller som vanleg opp på ein særskilt positiv måte", fortel Ivar Kvalen. Luster kommune, Luster Sparebank, Statkraft og Luster E-verk er hovudsponsorar for arrangementet. Vi gler oss til ein spanande dag i mai, avsluttar Ivar Kvalen.



"Gaupne fotballskule" med elevar frå Luster ungdomsskule vart vinnarar i kategorien "Formidling og kommunikasjon" under messa på Leikanger i fjor. Frå venstre: Rune Steig, Håkon Mogstad, Lasse Hærum og Julie Hatlevoll.

Motemagasinet Puella

Spennande ungdomsbedrift ved Luster vidaregåande skule

No til dags er det stort press på ungdom som er opptekne av mote. Motebildet er fullt av dyre plagg og flotte merke som ungdom ikkje har råd til, seier redaktør i Puella, Monica Flatland. Jentene i ungdomsbedriften ynskjer å gjere noko med denne problemstillinga ved å vise at det å vere oppdatert i klesvegen ikkje nødvendigvis treng å bety at du må tømme lommeboka fullstendig.

Saman med ein redaksjon på tre har Monica jobba med magasinet Puella sidan i fjor haust. Då starta ho og Emilie Risnes Øyre (17), Anja Helen Kandal (17) og Gudrun Ness (17) opp ungdomsbedriften si, med føremål om å gje ut dette magasinet. Dei fire jentene går på design- og handverkslinja på Luster vidare-



Elevane frå Luster vidaregåande vart kåra til årets elevbedrift i Sogn og Fjordane og skal no representere fylket vårt under NM i Oslo seinare i år.

gåande skule og er naturleg nok opptekne av mote og klede. Magasinet er klart for trykking i desse dagar, og det vert lagt ut

for sal. Dei veit ikkje enno om det blir med det eine bladet, eller om det vil kome fleire.

Valfag i ungdomsskulen

Å føra valfaga inn på nytt i ungdomsskulen frå hausten 2012 er eitt av fleire tiltak som regjeringa gjer for å auka elevane sine val og vidare auka elevane sin motivasjon for å læra.

Frå hausten 2012 startar ein opp med valfag i 8.klasse. Innan hausten 2014 er det innført for alle klassestega.

Det er utarbeidd fagplanar i 8 fag, men dette skal gradvis aukast til nær det doble. Ein startar opp i 8.klasse med faga produksjon for sal og scene som blant anna handlar om oppsetjing av forestillingar, produksjon av varer og tenester, produksjon av infor-

masjon som kan handla om skuleavisar på nett, forsking i praksis, internasjonale kontaktar, fysisk aktivitet og helse, design og redesign og teknologi i praksis.

Valfag skal vera praktisk lagt opp og ha innhaldselement frå minst to fag som elevane elles har på skulen. Undervisninga utgjer gjennomsnittleg 1,5 klokktimer i veka og kan gjevast i aldersblanda grupper når tilbodet etter kvart omfattar fleire klassesteg.

For å få plass til det nye tilbodet vert det endring i fag- og timefordelinga.

Elevrådsarbeidet vert avvikla og i tillegg tek ein nokre årstimer frå alle fag bortsett frå basisfaga norsk og matematikk. I tillegg vert det ført inn ein halv time ekstra.

Lokalt har rådsorgana ved skulane og elevar fått uttala seg om dei ulike faga og kome med sine synspunkt på kva fag som bør gjevast tilbod om. Den endelege avgjelda vil skje i løpet av våren. Namna på faga og kva sluttvurdering som vert gjeven, vert endeleg bestemt sentralt etter høyringsfristen den 16. mars.

Skulerute 2012 - 2013

for grunnskule-elevane i Luster

Månad:	Skulestart/ skuleslutt, feriar og fridagar for elevane:	Tal skuledagar:
--------	--	--------------------

HAUSTHALVÅRET 2012

August	Fyrste skuledag: Måndag 20. august	10
September		20
Oktober	Haustferie: Veke 41: Måndag 8. oktober – fredag 12. oktober	18
November		22
Desember	Siste skuledag før juleferien: Fredag 21. desember	15
Sum hausthalvåret 2012:		85

VÅRHALVÅRET 2013

Januar	Fyrste skuledag: Torsdag 3. januar	21
Februar	Vinterferie: Veke 8: Måndag 18. februar – fredag 22. februar	15
Mars	Påskeferie: Siste skuledag før påske. Fredag 22. mars	16
April	Første skuledag etter påskeferien: Tysdag 2. april Elevfri dag: Fredag 26. april(lærarstemne)	20
Mai	Skulefr dag: 10. mai	18
Juni	Siste skuledag før sommarferien: Fredag 21.juni	15
Sum vårhalvåret 2013:		105
Sum skuleåret 2012-2013:		190

Ungdommen si kulturmønstring

Ungdommen si kulturmønstring vart arrangert i Fjordstova på Skjolden søndag 4. mars. Med fullsett sal, over 40 deltagande ungdomar og med "god stemning" vart det ei flott mønstring i år også. Juryen hadde den utfordrande rolla å velja ut dei som skal representere Luster kommune på fylkesmønstringa i Operahuset på Nordfjordeid den 20.-22. april.

Desse sju innslaga skal representere Luster kommune:

- Sarah Jackson & Co med dans, (Andrea Fiskaa Haugen, Eirin Fiskaa Haugen, Sarah Fiskaa Haugen og Siri Sandvik).
- To purke og ein gris med melodien Kveldssong

for meg og deg (Norill Terese Norheim, Mathilde Skjærret og Henning Lad).

- Mellow Marsh med melodien "utan namn", (Anders Førde Midtbø, Eivind Holmøy, Kristoffer Haugen, Markus Høstaker, Matias Bjørgo, Sverre Sandvik og Eline Brun).
- In Motion med dans, (Alice Brendstuen, Jonas Flaten, Kjersti Marie Næss, Marianne Bakken, Marita Kvalsvik, Renate Fredheim og Tea Høyheim).
- Norill Terese Norheim med melodien "Kvil i fred" (folkemusikk - toradar).
- Andrea Fiskaa Haugen med Galdhøpiggen (utstilling - akvarell).
- Elin Walaker Lunde med Brooklyn Bridge (utstilling - foto).




Nødstopp



Torkjell
og
Maiken

To
purke og
ein gris



Steffen
Aksnes



Mellow
Marsh





Alle deltagarane



Sarah Jackson & Co



*Norill
Terese
Norheim*



*Synne
Topnes
Røneid*

In Motion



Henning Lad



Kine Svor

*"Brooklyn bridge" -
Elin Walaker Lunde*



Torkjell Venjum



*"I hovudet ditt" -
Linda Watten*

*Utan tittel - Vigdis Marita
Havellen Hatlevoll*



"Galdhøpiggen" - Andrea Fiskaa Haugen

Folk i fleire hus

Prosjektet "Folk i fleire hus" sitt føremål er å få heilårsbruk av hus på gard og i grend i Luster. Eigalar av eigedommar som ikkje er heilårsbusette vert kontakta med brev og telefon. Vi ynskjer å få ei oversikt når det gjeld kva skal til for å få eigalar til å busetje seg på heilårbasis, kva planar dei har for eigedommen og å tenkje gjennom om det er aktuelt å leige vekk eller selja. Eigalar av hus til sals eller utleie har teke kontakt med prosjektet i år. Men det er svært få landbrukseigedommar tilgjengelege.

Prosjektet har no vel 30 som ynskjer å få hjelp til å finne garðar, småbruk eller hus til leige eller sal i kommunen. Det er fleire par med barn, nokre kjem



Det er Valborg Heløy som no leiar prosjektet "Folk i fleire hus".

frå andre kantar av landet, nokre ynskjer å flytte attende etter å ha budd ei tid utanfor kommunen, og det er ungdom



mar som har vakse opp i kommunen som vil bli gardbrukarar. Vi finn fleire med handverksyrke, nokre har jobb i Luster eller nabokommunane, andre tek med seg eigen arbeidsplass. Eit fleirtal av dei som har kontakta prosjektet er opne for låg standard på bygningar, dei er interessert i bygningsvern og restaurering.

Kurs om eigarskifte i landbruket

Arrangør er M og Jølster vidaregåande skule, og vert arrangert på Gloppen Hotell 18. april.

Innhald/tema: Kva bør ein kjenne til ved kjøp og sal av gardseigedom? Skatteplanlegging, arveavgift, finansiering og konfliktar knytt til generasjonsskifte.

Lovverk. Det er ein fordel om eigar og ny kjøpar kjem saman på kurs.

Kurslærar: Rekneskapsførar Jostein Angedal.

Kursansvarleg: Knut Vebjørnsen.

Påmeldingsfrist: 1. april, pris kr. 1.200,-

Påmelding: telefon 57656440 eller e-post: paamelding.mojo@sfj.no

Det vert arrangert eit tilsvarende kurs i Sogn etter sommaren. Vi kjem attende med informasjon seinare.

Bulystkonferansen 2012

I fjar var det første året Luster kommune var med på å arrangera «Bulystkonferansen» som samla vel 100 deltakar på Skei i Jølster kommune. I år vert den også på Skei Hotell, 23. og 24. april. Tema: "Heit og attraktiv". Den raude tråden for konferansen er formidling. Korleis formidla og marknadsføre kva-

litetane våre? Korleis lukkast med å få fram dei gode forteljingane om bygdesamfunna våre? Frå Luster kjem Marit Tennø til å ha eit innlegg den 23. april.

Påmelding til:
marit.elisabeth.larssen@gloppen.kommune.no

Kan nokon hjelpe?

Vi vil gjerne kjøpe ein gard på Sørsida eller Skjolden

Aili Kjølås Sæverud (21) og John Arne Fuglesteg Bolstad (21) er fast bestemt på at dei vil vere gardbrukarar. Dei ynskjer å drive med ca. 100 vinterforsauar, slik at det vert ein heiltids arbeidsplass på garden. Dei er likevel opne for alle mulegheiter til å kjøpa gard uansett storleik i området.

John Arne er frå Skjolden og arbeider som tømrar. Aili vaks opp på gardsbruk i Tana i Finnmark, har jordbrukskule og har vore landbruksvikar i Luster kommune. No arbeider ho på Coop i Skjolden og skal starte eigen bedrift, vidareforedling av kjøt i Fjordatunet i Kroken. Dei har allereie skaffa seg sine første husdyr, ein liten flokk geiter som har beita i nærleiken av cruisekaia på Skjolden sist sommar.

Ta kontakt med: "Folk i fleire bus",
Valborg Heløy, tlf. 57685585 / 90919040,
e-post: valborg.heloy@luster.kommune.no.



Fjellgard i Luster

Vi er et par på 41 og 46 år med barn på 11, 14 og 21 år som drømmer om en fjellgard i Luster. Gjennom mange år har vi tilbragt mye tid i kommunen, og ønsker å etablere oss i Luster. Vi driver et firma som jobber med restaurering av gamle tømmerbygninger, og er veldig opptatt av bygningsvern. Mye av Luster sin spennende historie ligger i fjellgardene og deres betydning i forhold til utviklingen av alpin turisme i Hurrungane i siste halvdel av 1800-tallet. Dette er garder med kjent historie i mange hundre år bakover i tid, og en del av disse ligger i dag øde og forfallet er til dels stort etter bare en generasjons fravær.

Vi har et stort ønske om å kunne få slå oss ned og bringe en av disse flotte gardene tilbake til liv.

Ta kontakt med: "Folk i fleire bus",
Valborg Heløy, tlf. 57685585 / 90919040,
e-post: valborg.heloy@luster.kommune.no.





Utsikten frå verandaen vår på Hafslø.


Familie ynskjer å kjøpe småbruk/gardsbruk eller eventuelt byte/selje nybygd einebustad på Hafslø.

Vi ønskjer oss småbruk eller gardsbruk der vi kan ha nokon hestar og andre dyr, og der det er romsleg beiteplass på eigedomen.
Driftsbygningen treng ikkje vere innreia for hestar spesielt. Det kan vi ordne sjølv.
Driftsbygning/ fjøs/ bustadhús som treng rehabilitering er også interessant.

Huset vårt ligg usjenert og solrikt til i eit fredeleg område med flott utsikt. Romslig terrasse, fin liten takterrasse, 4 soverom, loftstove, to bad, vaskerom og bod. På eigedomen er det

uthus med nytt solid golv, stabbur og enkel garasje. Bustadareal er 150 m² (BRA). Varmekablar i golvet på kjøkken, i stova, på begge bada, vaskerommet og i entreen. Det er vedomn i stova. Sentralstøvsugar. Ventilasjonssystem med pollenfilter og varmegjenvinnar. Det er noko mindre arbeid som står att på huset. Dette skal ferdigstilla før eit sal. Tomten er på 2,8 mål.

Ring gjerne mob: 45 13 65 40



Vil nokon byggje hytte i staden for å nytta gardsbruk som fritidsbustad?

Prosjektet "Folk i fleire hus" har teke kontakt med eigarane av hyttefeltet Espe i Jostedalen, Storhaug på Turtagrø og tre felt på Heggmyrane.

Attraktive hyttetomter vert reservert for dei som vil selja gardsbruk/småbruk som no vert nytta til feriebustad.


Ta kontakt med: "Folk i fleire hus", Valborg Heløy, tlf. 57685585 / 90919040, e-post: valborg.heloy@luster.kommune.no.

Unike hyttetomter på Turtagrø

Tomtefeltet Storhaug har 24 tomter i storleiken frå 1003 kvm til 1814 kvm. Tomteområdet ligg sentralt på Turtagrø, rett sør for Turtagrø Hotell, avstand på ca ein km, mellom rv 55 og fjellvegen (Tindevegen) til Årdal. I reguleringsplanen er det lagt opp til å kunne bygge flotte hytter i eit eksklusivt naturområde. Prisar frå 540 000,-.

Det er lagt vekt på å bevare naturen mest mogleg urørt og at hytteeigarar skal sleppe bilvegar, bilar og trafikk på kryss og tvers, samstundes som ein skal ivareta komfort og tilgjengeleight.

Den fyrste hytta er bygd og den neste kjem opp no i vår. Ta ein skitur i området i påska og sjå på området!





Espe hyttegrend realisert

Etter mange års arbeid med planlegging og finansiering av Espe hyttegrend sette ein spaden i jorda våren 2011. No står 10 tomter klare til bygging. I skrivande stund er to av desse selde og ei er reservert. Tomtane har veg, vatn, kloakk og straum til tomtegrensa. I tillegg er breidband tilgjengeleg. Pris på tomtar ligg rundt 400.000 kroner. Fram til salstart og annonsering våren 2012 er det moglegheit for gode prisar direkte frå utbyggjarar. Espe hyttegrend ligg usjenert til i enden av fylkesveg på ein av dei mest solrike plassane i Jostedalen. Det er store gode tomtar med utsikt til både Vangsen, Myrhønna og ikkje minst Jostedalsbreen (Bergsetbreen).


Jostedalen kan by eitt variert aktivitetstilbod både sommar og vinterstid. Tomtekjøparene er fulle av lovord om feltet og utbyggjarane ser lyst på vidare utvikling i Espe hyttegrend. Alle er velkomne til å ta turen bortom for å sjå.

Meir informasjon finn du på:
www.hytte.jostedal.no



Ynskjer du deg ei hytte ved Heggmyrane?

Det er til no planlagt i underkant av 100 hyttetomter i området. Det er hyttefelt på begge sider av riksvegen. **Hamragåta** ligg i furuskogen ovanfor Hafslotun. Feltet har om lag 17 tomter og er i gong med salet allereide. Hyttefeltet **Solsida** ligg vest for Modvovegen med utsikt over Hafslovatnet. Her er det 39 tomter som vert lagt ut for sal etter at planprosessen vert ferdig. Det er også planlagt byggjing av fri-tidsleiligheter til utleige her. Hyttefeltet **Heggmyrane** ligg like ved skitrekket. Der er planlagt om lag 25 tomter som kjem for sal i løpet av 2012.



Nye lusteringar

Vi er ein familie på fire. Vi har to døtrer, Nathalie (3 år) og Ellinor (3 mnd). Morten Sollesnes (27) arbeider som tømrar og Sima - Therese Førde (24) er førskulelærer, men er no ute i permisjon med minstejenta. Vi reiste frå Bergen og fikk leige oss eit koseleg hus i Steinabakkane i Luster. Nathalie starta i Luster barnehage, som er heilt fantastisk. Og ho storkosar seg med dei nye venene sine i barnehagen.

Grunnen til at vi flytta på oss var vel fordi Morten vaks opp i Fortun, og kunne tenkje seg tilbake, så vi jentene hoppa på lasset.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*
Noko av det beste med å bu i Luster er å sleppe bompengar, byrush og stresset rundt. Vi sparar også ein del tid på køyring i forhold til jobb. Her går vegn anten hit eller dit. Enkelt og greitt. Og så er det fantastisk å ha all den naturen rundt seg og dei muligheita den måtte bringe. Vi liker også å ha Fjordstova nær, slik at vi kan ta med borna og bade på ein fridag. Det er veldig koseleg å ha eit slikt tilbod i små omgivnader.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*


Noko Luster kan bli betre på er dette med sal av bustad og tomter. Vi har vore interessert i å finne ei tomt, men dei er därleg tilrettelagt, og dei priva-

te tomtene er det vanskelig å få informasjon om.

Det blir mykje snakkis om tomtesal rundt om på bygdene, og vi har oppdagat kommunen seier ein ting, medan seljarar og privatpersonar seier noko anna.

Dette er veldig synd for dei som ønskjer å bygge. Her må det blir ein del endringar, elles kjem ungdommen til å flytte ut av nærmiljøet.

Alt i alt trivst vi veldig godt her inne. Folk er veldig hyggelege, og det er mange å bli kjende med. Alle har teke i mot oss med opne armar!



Morten Sollesnes og Sima-Therese Førde har busett seg i Steinabakkane i Luster.

Nytt frå Luster Bad

Året 2012 for Luster bad starta med at daglig leiar, Nina Gudevang, byrja i stillinga si. I februar var det tid for ein synfaringstur for å sjå på den daglige drifta hjå andre badeanlegg. Prosjektleiar og styremedlem Harald Fimreite, styremedlem Marit Aakre Tennø og dagleg leiar Nina Gudevang tok turen til dei daglege og tekniske leiarane ved Moldebadet, Atlanterhavsbadet i Kristiansund, Dampsaga i Steinkjer og Pirbadet i Trondheim. Drift av badeanlegg er komplekst, og det er nokre område utanom helse og service, som er svært viktig å ha fokus på for å drive eit vellukka bad; det tekniske, sikkerheit og hygiene. Det er derfor viktig å nytte seg av dei erfaringane som er gjort hjå andre bad frå oppstartsfasen og vidare drift av anlegget.

Badelandene.no

Det er eit godt samarbeid mellom dei fleste badeanlegga i Noreg gjennom andelslaget Badelandene.no, og her har også



Dagleg leiar Nina Gudevang informerer om Luster Bad

Luster Bad vorte medlem. Her vert det skapt eit faglig og sosialt nettverk med fleire faglege samlingar gjennom året, internforum, felles sikkerheitsnormer og felles marknadsføring for å nemne noko.

Synfaringa ga oss mykje nyttig informasjon vi kan bruke i opp-

bygginga av Luster bad. Og ikkje minst: Vi kom fram til at vi får eit utrolig flott bad med gode fasilitetar som mange kjem til å få glede av! Dagleg leiar meiner det er fantastisk med eit slikt tilbod som når så og seja heile befolkninga. Einaste "aldersgrense" er at minsten bør ha fylt 6 veker, elles vil det ikkje vere andre aldersgrenser, og badet er godt tilrettelagt for personar med nedsett funksjon.

Opning til hausten

Luster Bad, som opnar til hausten, gler seg til å kunne tilby ulike treningsgrupper og sosiale treff. Bevegelse i vatn er ofte ei god sanseleg oppleving og det er skånsamt for ledd på grunn av oppdrift, varme, støtte samt jamn motstand. Dei som har spesielt nytte av å kunne bruke badet og/eller vere med på gruppetreiningar er dei eldre, gravide og kvinner som nettopp har født, revmatikarar, overvektige samt dei som slit med ryggen, skuldrar og nakkeplager. Treninga vil vere tilpassa dei ulike gruppene. Elles er bevegelse i vatn sunt for alle og ein kvar og det vil bli timer med vassgym, ulike tilbod for den yngre garde, bursdagsfeiringar og kanskje ein velværekveld i ny og ne! Alle tilboda vil ikkje vere oppe og gå ved opninga, men komme over tid. Det er likevel mykje anna å glede seg til!

Tilboda til Luster bad

Tilbodet i Luster Bad vil vere breitt og noko for einkvar smak:

- Rett bak den store glasfasa-

Helsebassenget.



den ligg eit 25 m idrettsbasseng 1 m - 4 m djupt, med 6 baner og stupetårn med 1 og 3 m sviktbrett, 3 m og 5 m fast plattform.

- Klatrevegg der du slepp deg ned i bassenget.
- Sklie med tidsakingssystem; her kan det køyrast om kapp!
- Sklie; kort og bratt!
- Plaskebasseng for dei minste, 15-30 cm, 31°.
- Barnebasseng, 60- 90 cm, 31° med boblebenk.

I velværeavdelinga finn du:

- Helsebasseng med 34° og motstrømsdyser, liggebenk i vatnet med massasjeedyser. Sittebenk og ein upåklageleg utsikt til Hest.
- Ei roleg grotte med dempa lys, massasjeedyser og vatn som held 39°!
- Dampbadstue og badstue med utgang til atrium.

I uteatrium kan du ta ein dukkert i kaldkulpen med vatn under 10° og hoppe rett i varmkulpen på 39° etterpå! Her er



Idrettsbassenget sett frå toppen av stupetårnet. Barnebassenga ligg skjult bak sklia.

det også mogleg å sitje og sole seg eller rulle seg i snøen, - alt etter årstida!

For å skape ein rolegare atmosfære i velværeavdelinga er denne skilt frå idrettsbasseng og barnebassenga med badstue og

dampbadstue i mellom. Det er garderobar tilpassa rullestolbrukarar samt 2 familie/HC garderobar. Alle med låsbare skap. I tillegg vil det vere ein liten kafé og utsal av symje- og badeartiklar.



Stupetårnet.

Siv Merete Marås teknisk leiar

Teknisk leiar, Siv Merete Marås, har også starta i stillinga si. Siv Merete er utdanna automatikar og har allsidig kompetanse innan drift og vedlikehald av anlegg etter ulike stillingar i Hydro og BIS Production Partnar gjennom 11 år. Stillinga som teknisk leiar ved Luster Bad synest ho er særspennande og utfordrande. Siv Merete er ein sosial og glad person og ho gler seg til all kontakt med badegjestene som jobben vil føre med seg. Ho er opphavleg frå Årdal, og bur på garden Kreken i Mørkridsdalen saman med mannen sin. Her driv dei hjorteoppdrett. Elles er ho interessert i naturen og friluftsliv, og jakt og fiske er store fri-tidsinteresser.



Bygginga nærmar seg fullføring

Arbeidet med bygging av Luster bad er no inne i den siste fasen. Montering av dei ulike tekniske anlegga pågår for fullt i kjellaren. I badehallen pågår arbeid med flising av basseng og montrasje av utstyr (lys, kamera, lyd-anlegg etc.). Oppstart av tekniske anlegg vil skje så snart sjølve bygginga er fullført.

Varmeanlegg, ventilasjonsanlegg

og vassbehandlingsanlegga vil bli sett i drift i juni månad. Formell overtaking av innvendig anlegg er planlagt gjennomført i slutten av juni månad. Deretter startar prøvedriftsperioden som er sett til 6 månader. I prøvedriftsperioden vil alle tekniske anlegg bli testa grundig for å sjå at alt fungerer tilfredstillande. Eventuelle feil og manglar vil òg

bli utbetra i løpet av ettersommaren.

Utvendig vil inngangsparti og uteområdet rundt bygget bli fullført i løpet av våren, med overtaking i juli månad. Hausten 2012 vil badeanlegget bli opna for publikum og normal drift.

Ellevilt

Ellevilt AS byrja produksjon og utvikling i 2008, og vart stifta i mai 2009. Dagleg leiar, produktutviklar og produksjonsansvarleg er Bernt Aleksander Elle. Han har bakgrunn som kokk og bakar og har mykje erfaring frå kjøttskjering, foredling, partering, mørnring og behandling av kjøt.

I dag har Ellevilt ein matserie som legg vekt på gode råvarer. Matserien består av fleire produkt frå lam, svin, hjort, aure og laks. Alle produkta er handverk og vert behandla med tradisjonelle metodar. Blant anna har dei eige røykeri. Produkta som er merka med 'Frå Luster' består av utvalde lokale råvarer. Måla for 2012 er å knytte seg til fleire leverandørar, og då helst lokale, delta på Bondens marked i Bergen og å få fleire salskanalar. Produkta finn du hjå Spar i Gaupne eller du kan bestilla direkte via kontakt@ellevilt.as. I tillegg har Meny i Sogndal og Knutstad Holen på Hamar utvalde varer. Ellevilt satsar og på catering og grilltenester heile året. Frå små selskap til store arrangement og menyen kan tilpassast.

Du finn meir info på www.ellevilt.as eller facebook.com/Ellevilt.Luster.



Lokalmatdagen 2012 tysdag 24. april

I år, som dei to føregåande år, ynskjer Luster vidaregåande skule på Hafslø å be inn matprodusentar og serveringsverksemder til ein lokalmat-dag på kjøkkenet.

Salatar: Her er så mange slag å velje mellom – korleis kan me bruke dei i ulike blandingar? Mange lokale matprodukt kan inngå i salaten eller attåt.

Det er ofte lett å ty til ein salat når det kjem spørsmål om eit vegetarmåltid. Treng du tips til andre mettande rettar/middagar som ikkje har kjøt og fisk på ingredienslista? Her finst mykje godt for ein kvar gane. Lokalmatdagen blir tysdag 24. april kl 10 - 15 på Luster vidaregåande skule.

Påmeldingsfrist 12. april. Påmelding og meir info: Luster vidaregåande skule v/Gry, epost: gry.tokvam@sfj.no



Frå kurs med Bodil Nordjore.



Walaker hotell i sving på reiselivsmessa på Lillestrøm. Frå venstre hotelldirektør Ole Henrik Walaker, kjøkensjef Theodor Ulstein og assisterande dagleg leiar Steffen Hilleren.

Lustrabedrifter markerte seg i Oslo

Første helga i mars var det fleire arrangement i Oslo som involverte lustrabedrifter. Walaker hotell var nominerte til utmerkinga "årets reiselivsperle" i samband med den store reiselivsmessa på Lillestrøm. Dei kniva her med verksemder frå heile landet. Kåringa skjedde i Oslo Spektrum, der alle som var nominerte vart presenterte.

Åmot Operagard vann, så sige-

ren gjekk til Sogn og Fjordane. Men som Ole Henrik Walaker sa: "Det er ein siger å bli nominert".

Alle dei som konkurrerte om titelen fekk tilbod om standplass svært sentralt på reiselivsmessa på Lillestrøm. Walaker hotell hadde flott stand og mykke besök. Dei hadde med gode smaksprøver frå Sogn.

Det var også eit arrangement


med fokus på mat i den nye "Mathallen" i Oslo same helga. Her var Tørvis hotell representert med stand. På dette arrangementet var også prosjektet "mat langs nasjonale turistveger" på plass. Det var bedriftsstandar med smak på, og sal av lokale produkt og ei flott fotoutstilling med tema "turen over Sognefjellet".



Egil Ørjan Thorsen, prosjektleiar i "mat langs nasjonale turistvegar", og Olav Grov (t.v.) på fotoutstillinga. Her Nes gard på biletet.



Spennande før utdelinga av årets reiselivsperle. F.v. Ole Henrik Walaker, Steffen Hilleren, Theodor Ulstein, Iren Vatne og Olav Grov.



Teikninga av det nye bygget syner at utvendig blir det svært likt det gamle.

Nytt Breheimssenter i Jostedalen

Av: Inger Helgestad, Luster ungdomsskule

Det berømte Breheimssenteret har lenge vore ein viktig del av turismen i Jostedalen. Herfra har det blitt organisert breturar, padling og rafting, samtidig som det har vore ein fin plass for turistane å bli kjend med Jostedalen på. Derfor var det svært trist då det brann ned til grunnen 28. juli 2011. For å få litt meir informasjon om oppbygginga av Breheimssenteret har eg teke turen innom dagleg leiar Peder Kjærvik.

Ferdig mai 2013

Då eg entrar stova, sit Peder i sofaen med dataen framfor seg, konsentrert og antakeleg i djupe tankar. Eg slår meg ned og gjer klar til intervju. Det første eg

gjer er å sikre meg ei ordentleg stadfesting på at Breheimssenteret skal byggast opp igjen. Dette får eg ganske fort. «Me forventar at det skal stå ferdig rundt 1. mai 2013», fortel Peder. Dette vil då seie at sommarens turistsesong må halde fram utan eit breheimssenter, så då lurar eg naturlegvis på kva ordningar dei har planlagt. «Slik som det ser ut no skal me ha servering, suvenirbutikk og all slags booking til breturar. Me vil leige oss nokre midlertidige løysingar, som gjer at me har kjøkken, frysekjøl, toalett og eit serveringsrom med plass til ca 100 menneske. Det er snakk om å leige containerar og eit stort telt. Det er ikkje heilt bestemt

kvar det skal stå enda, men det blir ein plass på parkeringsplassområdet», forklarar Peder. Det skal altså vere full drift av Breheimssenteret i sommar, noko som er vel og bra både for turistar og svoltne jostedøler.

Utsjånaden

Ein ting ved Breheimssenteret som ofte blei lagt merke til av turistar og tilreisande, var den flotte arkitekturen. Bygget var plassert med ein spektakulær utsikt til Nigardsbreen, til glede for dei aller fleste. Sjølvé bygget skulle symbolisere to istårn som støtta seg på kvarandre, og som mellom seg danna ei bresprekke. No når eg har fått ei stadfesting på at Breheimssenteret skal byg-

Inger Helgestad

Mitt namn er Inger Helgestad, og eg kjem frå Jostedalen. Eg er 15 år og går i 9. klasse på Luster Ungdomsskule. I samband med val av vidare utdanning skal alle elevane i niande hospitere på ei vidaregåande linje og ein arbeidsplass. Eg valde å hospitere på media og kommunikasjonslinja i Sogndal og på servicetorget i Luster kommune. Her var eg så heldig å få skrive litt til Lustranytt og for kommunen si nettside.



Peder Kjærvik. «Ja, eg blir vel verande til eg blir sparka på hovudet og røvi ut. Eg har ikkje store planar om å flytte på meg».

gast opp igjen, kan eg ikkje unngå og spørje om planane for korleis det skal sjå ut. «Me har ganske nøyaktige planar», byrjar Peder. «Det skal sjå ut slik som før utanpå, men me skal snu litt om inne. Arkitekten blir den same som forrige gang, nemleg Rolf Sande». Når eg held fram med å spørje om forandringane inne i senteret blir store, får eg eit svært detaljert svar. «Forandringane blir større enn små, men ikkje store», konstaterar han og ler. Heldig som eg er har eg fått nokre teikningar av det nye senteret, og som de ser kjem det nye senteret til å bli relativt likt det gamle utanpå.

Utstillingane

Før Breheimsenteret brann ned, hadde det i lang tid vist fram store og flotte utstillingar til turistar, tilreisande og generelt alle som vil ha eit lite innblikk i dalen vår og historia om den. Dessverre gjekk samtlege av desse utstillingane tapt under brannen, noko som var eit stort tap både for senteret og for turistane. Derfor prøver eg og få nokre detaljar på utstillingsplanane i det nye senteret. Det første eg får er ei stadfesting på at det i alle fall skal vere utstillingar der. «Dei blir ikkje sjåande ut akkurat slik som dei gamle, men det er dei same tema. Me skal fortsatt presentere

Jostedalsbreen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og naturreservat. Det skal me gjere på forskjellige måtar».

No når eg har fått informasjonen om utstillingane på plass, hoppar eg vidare til eit anna viktig tema. For medan turistane kanskje var mest interesserte i utstillingane, vart senteret i tillegg flittig brukt som kafè og restaurant, ofte av jostedølene sjølv. Peder fortel at dei derfor har sikra seg eit større og betre kjøkken i det nye senteret. «Matsalet blir det same som før», konstaterer han. «Og kokken dukkar nok snart opp han òg».

Sjefen blir den same

For å runde av intervjuet spør eg om det kjem til å komme nokre andre nemneverdige endringar i det nye senteret. «Som sagt kjem me til å snu litt om inne. I tillegg til større kjøkken vil det nye senteret ha betre utsikt til breen, og kinosalen i kjellaren vil bli flytta litt på. Den flittig brukte klatreveggen skal me sjølvsagt bygge opp igjen, i tillegg til at det vil bli nokre nye alternativ for ungane i uteområdet». «Kva med leiinga av det nye senteret da?» spør eg. «Vil du halde fram som dagleg leiar?» Peder smiler lurt og svarer: «Ja, eg blir vel verande til eg blir sparka på hovudet og røvi ut. Eg har ikkje store planar om å flytte på meg».

Ny dagleg leiar på Tørvis Hotell

Ved Tørvis Hotell er det tilsett ny dagleg leiar, Vegar Kversøy, og Lustranytt har spurt om han ikkje kunne fortelje litt om seg sjølv:

Jeg er født i Bergen og flyttet utenlands med familien grunnet en far som var velferdsekretær i handelsflåten. Det bar til Antwerpen, Virginia USA og London. Utover skole så var barndommen min preget av idrett som skikjøring og langdistanseløping, skating og speideraktiviteter. Flyttet så til Oslo som attenåring og påbegynte kokkestudier, før deretter å ta fagbrev som kokk hos Olav Thon. Ble i systemet og lærte drift av restaurant og daglig ledelse av bar. Fortsatte så i familiebedriften, som er rettet mot turisme og restaurantdrift. Deretter reiste jeg til Italia og overtok vingården Caiano som ligger i Toscana. Gården består av et lite nisjehotell med 12 rom, olivenproduksjon (ca 2,5 tonn årlig), 30 hektar Solsikker og ca 200 000 flasker vin. En



enorm læringskurve og en fantastisk tid, der jeg lærte mye. Jeg kom hjem og har reist offshore på ankerhandling, suply og fiskeri som forpleiningssjef. Dette er også perioder som har gitt meg mye i forhold til hvordan jeg jobber i dag. Har blitt hentet inn og fått utvikle kantiner for Schlumberger og Western Geco. Dette er prosesser og mat, der det legges stor vekt på helse og dynamisk drift. Du har gjerne 700 mennesker som skal håndteres på 2 timer hver dag. Har nå endt opp hos Rolf og Mette Wikborg på Tørvis Hotell.

Drømmen og målet mitt med Tørvis

er å kunne løfte hotellet økonomisk og kvalitetsmessig slik at det fremstår som en trygg og god arbeidsplass for mine ansatte og ikke minst for gjestene våre. Jeg ønsker at alle de som ønsker å bruke Tørvis i fremtiden kan få oppleve at forventninger og opplevelser samsvarer med produktet vi selger.

Vi er et hotell som er plassert på en slik måte at vi kan benytte oss i stor grad av lokale råvarer som jeg mener er blant det beste som er å finne i Norge, noe som uten tvil har en stor betydning for Tørvis som hotell markedsmessig.

Når jeg våkner, tar morgenkaffe på trappen, ser meg rundt og føler roen som dette området gir, så vet jeg at det også er noe mange av mine gjester ønsker å få oppleve og skal få oppleve her på Tørvis. Det er noe av det som gjør min jobb så fantastisk spennende. Samspillet mellom huset, maten, vinen, mennesker, dyr og natur. Men som min farfar fra Gulen alltid sa.... :

"Hugs at det skal gjerast "





Rikke Næss – hospitant på frisørsalong

Av: Inger Helgestad

I samband med utdanning etter ungdomsskulen, skal elevane i 9. klasse hospitere tre dagar i arbeidslivet, i tillegg til to dagar på vidaregåande skule. Elevane vart dermed spreidde rundt om i kommunen, alt etter kva dei ønskete å arbeide med. Eg har derfor tatt turen innom Salong Perry i Gaupne for å snakke med Rikke Næss som er på utplassering her.

Kosar seg på hospitering

Rikke møter meg utanfor Salong Perry og viser meg inn. Me set oss ned i nokre stolar like innanfor inngangsdøra, og eg byrjar samtaljen med å spørje om kva ho tykkjer om hospiteringa så langt. «Eg tykkjer det er moro!»

seier Rikke, tydeleg nøgd. «Det er kjekt å sjå kva dei driv med, og eg liker meg godt her». Vidare ber eg ho fortelje meg kva ho har gjort til no. «Eg har vaska golv og sett på plass varer. I tillegg har eg fått laga ein frisyre på ei utstillingsdokke, og eg har fått glatta hår». Rikke fortel også at ho har fått observert kva dei tilsette gjer i løpet av ein arbeidsdag, og at ho føler ho har fått eit godt innblikk i kva det å jobbe i ein frisørsalong går ut på.

Skal lære meir

No skal det seiast at Rikke berre har fått hospitere ein dag på frisørsalongen då eg gjer dette intervjetet, så det er fortsatt masse igjen å prøve. «Eg skal lære nokre nye fletteteknikkar,

og eg skal få sjå korleis ein rullar opp hår. I tillegg skal eg få vaske hår, og sjå korleis ein set på extensions», fortel ho då eg spør om kva ho skal gjere dei neste dagane. Rikke kjem med andre ord til å lære masse nytt i løpet av hospiteringa.

Tvilar på frisøryrket

Sjølv om Rikke tydeleg har hatt det kjempefint på frisørsalongen, fortel ho at det sannsynlegvis ikkje blir dette ho satsar på i framtida. «Det er ikkje dette som er den store draumen», forklarer ho. Då må eg naturlegvis spørje om kva ho drøymer om å utdanne seg til, og Rikke fortel gjerne. «Eg har lyst til å bli lærar eller sjukepleiar», avslører ho med eit lurt smil.



Etter treninga er det kos i kantina. Kaffi og varme rundstykker som Kjell Veum syter for er populært og godt!

Eit godt arbeidsår for Luster LHL

Luster LHL heldt årsmøtet sitt på ATS - Gaupne den 23. februar 2012. Årsmeldinga syner at det er eit lag med stor aktivitet og engasjement. Det har vore halde 12 styremøte og handsama 120 større og mindre saker, fortel nestleiar Kåre Øvregard til Lustranytt.

Ella Teigen vart attvald som leiar for laget. Med seg i styret inneverande år har ho Kåre Øvregard nestleiar, Sigrid Hamre Nyset sekretær, Johannes Høgi kasserar, og Malvin Moen studieleiar. Årsmeldinga syner at det er eit lag med stor aktivitet og engasjement.

Laget har tre faste trimgrupper -

med rimeleg god oppslutnad:

Onsdagar kl 17.00 - 18.00:
Vasstrim i oppvarma basseng i Jostedalen.

Torsdag kl 11.00 - 12.00 +
sosialt samvære på
Treningsenteret i Gaupne:
Hjartetrim - bøy og tøy, og kondisjon.

Søndagar Kl 19.30 - 21.30:
Trimdans og sosialt samvære på
Treningsenteret i Gaupne.-

Laget besøkte LHL-laget på Ålden 20 - 22. mai, - og var vertskap for ei stor gruppe LHL-medlemer frå Bokn og Tysvær den 26.august. Dette var to

svært hyggelege opplevelingar.
Luster LHL har engasjert seg i arbeidet med gjennomføringa av den nye helsereforma - Samhandlingsplanen-. Laget har sagt seg positive til nyordninga, men peikar på fleire vilkår som må oppfyllast dersom nyordninga skal bli ei styrking og ikkje ei svekking av det samla helse- og omsorgstilbodet i kommunen vår. Det er serleg peika på at dei nye "korttidssjukesengene" må ikkje føra til ei redusering eller svekking av langtids-sjukesenger ved nokon av omsorgsentra våre. Det er så absolutt behov for alle dei sengene som ein har i dag. Laget meiner ein rår over både kompetanse og vilje til å ta del også i det komande arbeidet - ikkje minst med å leggja tilhøva til rette for førebyggjande helsearbeid - og vonar helsestyremaktene i kommunen gjer seg nytte av tenester laget kan gje.

Luster LHL har lagt stor vekt på å tilby ulike fysiske aktivitetar, men også tilbod om sosiale og kulturelle opplevelingar til både medlemer og til andre interesserete.

På årsmøtet heldt landstyremedlem John Normann Melheim frå



Hjartetrimmen er tilpassa kvar einskild sitt fysiske nivå - og er både god og populær.

Eline i barnehagen

Av: Inger Helgestad

Eline Beddari Ørbeck er elev ved Luster Ungdomsskule, men er for tida på utplassering i Indre Hafslo barnehage. Eg møter henne for å høre kva ho tykkjer om å arbeide i barnehage, og om dette er noko ho kan tenkje seg å halde på med i framtida.

Er nøgd med hospiteringa
 «Eg tykkjer det er morsamt», seier Eline då eg spør kva ho tykkjer om hospiteringa så langt. «Eg likar å arbeide med ungar, og det får eg jo gjere i barnehagen». Vidare fortel ho kva ho har fått vore med på. Dette inkluderer blant anna å kle på ungane, vere

med dei ute og leike med dei. «Eg er veldig nøgd med hospiteringa», konstaterer Eline og smiler.

Usikker på framtida

Sjølv om det er lenge til Eline må bestemme seg for kva yrke ho vil velge, spør eg likevel om ho har nokre planar. Kanskje har ho lyst til å fortsette å jobbe i barnehage? «Eg er ikkje heilt sikker», byrjar Eline. «Som sagt tykkjer eg det er kjekt å arbeide med ungar, men eg veit ikkje heilt om barnehage er det rette for meg». Vidare fortel ho meg at ho har tenkt litt på å bli anten lærar eller sjukpleiar. «Eg har ikkje bestemt meg enda, eg er veldig usikker».



Leiaren Ella Teigen er også ein aktiv instruktør for dei ulike gruppene.

Årdal eit svært inspirerande innlegg om LHL både lokalt, regionalt og sentralt. Han poengterte at det var viktig å halda oppe lokale lag og lagsaktivitetar, og han gav ros til Luster LHL for det arbeidet som var utført. Leiaren Ella Teigen takka for gode ord, og gav talaren blomar som takk for besøket. Sameleis

gav leiaren gode ord og stor takk til Karen Moe som etter mange år som sekretær i laget no takka nei til attval! Luster LHL ynskjer at endå fleire av innbyggjarane i Luster skal bli medlemer. Dersom me som organisasjon skal ha påverknadskraft over for dei styrande organa lokalt og sentralt, stiller ein langt sterkare dersom ein

kan syna til eit høgt og stabilt medlemstal.

Dersom DU finn tilboda laget kan yta er interessante og nyttige for deg- så ta gjerne kontakt med ELLA eller nokon andre av styret!

Velkommen - både som medlem i laget, eller som deltakar på dei ulike aktivitetsgruppene våre, avsluttar Øvregard.



Frå trimturen til Hjellene i Gaupne. Svein Nybø var kjentmann, og han hadde mykje historiske fakta om denne nedlagde husmannsplassen.



Luster Hundeklubb er 25 år

Luster hundeklubb er den største hundeklubben i Sogn og klart den mest aktive. Kvart år vert det arrangert prøver og kurs, medlemsmøte og treningar.

Klubben er open for alle rasar og skal spenne om mange ulike hundeaktivitetar frå lydigheit til agility som er ei hinderløype for hund, frå spor til kurs i stell av hund og hundefotografering.

Klubben er samarbeidande med Norsk Kennel Klubb slik at alle som er medlem får tilsendt bladet Hundesport som vert gitt ut i 75.000 eksemplar.

Treningsområde

I jubileumsåret fekk klubben endeleg eit etterlengta treningsområde og med dette området har aktivitetene skote i været. Det

å få tilgang til tidlegare Nes camping er det største løftet Luster hundeklubb har hatt sidan klubben vart skipa i 1986. Det er investert i inngjerding og agilitybane. Området er enno ikkje heilt ferdig, men berre i fjor vart det arrangert tre agility kurs og regelmessig trenings. Dette til tross for ein svært våt sommar.

Det nye treningsområdet vert også nytta til lydigheitstrening og i fjor sommar vart det arrangert eit internasjonalt lydigheitskurs her med instruktør frå Tyskland og deltakarar frå halve Sør-Noreg og også frå Danmark. Me fekk mykje skryt for området der me også har tilgang til eit lite klubblokale med kiosk og toalett.


Eit medlem i klubben har delteke aktivt i freestyle som er ein kombinasjon av lydigheit og triks til musikk. Dette er ein svært underhaldande konkurranseform og ekstra moro er det at Luster fekk beste norske deltakar i denne sporten i 2011 og vart dermed kvalifisert til verdsmeisterskapet som går av stabelen i England på Crufts. Denne utstillinga er rekna som den største i verda.

Godt spormiljø

Klubben har i alle år hatt eit godt miljø for spor og klubben har vore med å utdanna og godkjent mange ettersøkshundar. Kvaliteten på hundane er svært god og klubben har tre dommarar. Mange konkurrerer med



I juni hadde klubben uoffisiell lydighetskonkurranse med tysk dommar.



Agiliytrenin er populært blant mange unge hundeeigarar.



AGkurs – Aktiviteten knytta til agility har vore stor. I 2011 vart det arrangert heile tre kurs i tillegg til treninigar kvar veke. Dette er frå det eine kurset.

godt hell på prøvar rundt om i heile landet og toppar mestvinande listene. I jubileumsåret var det to deltakarar frå klubben som kom med på NM-blodspor og begge to gjorde det skarpt med sølv som beste plassering. Tidlegare medlem i klubben har vunne NM og kongepokalen.

Aktiv heimeside
Informasjon om aktiviteten i

klubben finn du på heimesida www.lusterhk.com.

Utfordringar for framtid:
Området på Nes må driftast og klubben treng fleire instruktørar. I dag har klubben to NKK-godkjende instruktørar som bur i kommunen pluss ein instruktør som bur på Leikanger. Ein utfordring er også å få mange medlemmer til å gjera litt for å halda

hjula til klubben i gang. Ei anna utfordring er å få fleire av hundeeigarane i kommunen til å verta medlem. Som medlem får ein tilbod om kurs til redusert pris og det å kunna nyttar seg av treningsområdet og utstyret som står på Nes heile sommarhalvåret.

Mykje folk på «kom deg ut-dagen» på Heggmyrane

Søndag 5. februar arrangerte Luster Turlag den årlege "kom deg ut-dagen" på Sogn Skisenter. Kom deg ut-dagen er Den Norske Turistforeing sin nasjonale turdag. Dei siste åra har det vore fast tradisjon at me samlast på Heggmyrane for aktivitar av ulik slag. Den planlagde skitur til Skoganipa vart avlyst grunna snøvær, men dei andre arrangementa gjekk som planlagt.

UNG-gruppa vår hadde pudderkøyring med Lars Olav Halleråker.

Nysnøen gjorde sitt til at det var fantastiske forhold i området rundt Sogn Skisenter. Turen gjekk ned på Hafslo, der vår eigen pudderekspresstrafka dei opp att på skisenteret for nye turar.

Barnas Turlag hadde skileik ved banktrekket. Først var det natursti med 12 postar inne i skogen. Etterpå var det grilling med gratis pølser til alle. Sjeldan har me vel fått så stor omsetnad på pølsene våre. Til og med ordføraren skrytte over kor gode pølsene var.

Vidare var det godterslalom, hauk og due, Kongen befaler m.m. Rundt 250 små og store var innom oss denne dagen, og vi fekk 14 nye medlemmer. Takk til alle for ein triveleg dag!



Ei pølseetande UNG-gruppe.
Foto Melchior Kalhagen.



Mykje folk i tett
snødrev i banktrekket.
Foto Christin Sønnesyn.



Grilling i grillbua. Foto Tore Sønnesyn.



Leik i bakken. Foto Christin Sønnesyn.



Utdelinga av
buff til alle
deltakarane.
Foto Tore
Sønnesyn.

Luster Turlag - UNG

Skitur Vanndalen – Vangsen UNG

Laurdag 7. april. Årets påsketur for ungdom! Oppmøte ved Pyramiden kl. 09.30. Me kører til Myri og startar skituren der. Flott tur der ”vegen er målet”. Ikkje noko stress, men gå til topps eller stopp underveis og sjå på soli, et kvikk lunch og appelsin! Hugs solkrem og solbriller.

*

Skitur Turtagrø – Store Ringstind (2124 moh)

UNG

Søndag 29. april.

Luster Turlag har fleire gonger hatt skitur til denne alpine toppen i vestre del av Hurrungane. Lett i mange kilometer innover Ringsdalen, men så bratt opp mot breen. Dette er ein typisk vårskitur, og om veret er godt, vil Luster Turlag heilt sikkert ikkje vera åleine på toppen. Dette er eit av dei meir populære turmåla, og ein viktig grunn for mange til å bli med er nok den flotte nedkøyringa. Start frå Turtagrø kl. 09.00

Kajakkhelg i Solvorn - Våttkort!

Laurdag 26. og søndag 27. mai

Oppmøte i Solvorn laurdag kl.10.00 til grunnkurs i havkajakk. Me avsluttar helga med ein flott padletur! Det blir innføring i padleteknikk, tryggleik, redningsteknikk m.m.

Deltaking kan sertifiserast med NPF våttkort grunnkurs hav. Ope for alle. Meir info kjem på heimesida.



Luftboren pinsetur til Fuglesteig

Det er mange som har uttrykt ønskje om å få sjå dei restaurerte husa i Fuglesteig og nyta det flotte utsynet, men som på eigne føter ikkje greier å koma seg dit. Andre pinsedag har du sjansen! I nært samarbeid med helikopterselskapet Airlift, Luster Røde Kors og Luster Sparebank, vil Luster Turlag invitera alle som er sikre på at dei ikkje kan gå til Fuglesteig sjølve, til ein dag med flytur opp og ned, med god underhaldning i kulturfjøsen av Indre Hafslo spelemannslag, med omvising i steinstova og med servering av kaffi, saft og gode, gamaldagse hellekaker med syltetøy og rømme!

Me har truleg kapasitet til å ta med 80 til 100 opp denne dagen. Det kostar å ha eit helikopter til disposisjon ein heil dag! Deltakarane må rekna med å betala nokre hundrelappar sjølve, men mykje av den store kostnaden vil hovudsponsoren til turlaget - Luster Sparebank - ta på si kappe. Det blir utlysing i Sogn Avis og på turlaget si nettside i god tid før pinse, slik at alle kan få høve til å meldा seg på.





Posten på Molden er kanskje ein av dei mest besøkte postane.

Turorientering – god trim og god

Ikkje treng du kompass, ikkje treng du å vera spesielt sprek og ikkje er det dyrt. For ein femtillapp har du det viktigaste du treng for å bli med.

Du treng eit registreringsskjema
Dei tre idrettslaga Fanaråk, Luster og Bjørn samarbeider om å arrangere turorientering i den indre delen av kommunen. Hafslø idrettslag har førebels sitt eige opplegg. Postane er vanlege postkasser som er sett opp på plassar som er lett å finne. Mange av postkassene er sett opp på stolar eller ved utsiktpunkt på mykje nytta turstiar. Postane er ikkje gøynde, men heng lett synleg. I postkassene ligg det ei loggbok der du skriv inn namnet ditt og datoën. I tillegg til å skriva deg inn i loggbokene treng du eit skjema der alle postane er lista opp og der du

skriv inn kva postar du har besøkt og når. Dette skjemaet får du kjøpt på Joker-butikken i Luster og på kiosken i Gaupne.

Kart

Du treng ikkje kompass for å finna postane. For mange av postane treng du heller ikkje kart, då posten ligg langs ein godt merka tursti. Men har du kart, er det lettare å finne fram og du får også større utbytte av turen. Då kan du sitje på eit utsiktpunkt og finne namn på stader og toppar som du ser i det fjerne. Kart over kommunen finns i målestokk 1: 50 000.



Luster er ein stor kommune og er dekka av fleire kartblad. Det finns mindre kart og større kart. I skrivande stund er det eit generasjonsskifte i kart. Dette betyr at det kan vera problem å få kjøpt kart for det området du

treng. I løpet av 2012 skal det komma eit nytt kart som heiter Sogndal. Dette kartet dekker dei fleste postane, men kanskje ikkje alle.

Har du tilgang til internett og ein skrivar kan du skrive ut det kartutsnittet du treng ved å gå inn på sidene www.sognekart.no eller www.fylkesatlas.no. Inger Handegård har starta arbeidet med å leggja inn ei skildring av dei ulike turorienteringspostane ved hjelp av tekst, bilete og kartutsnitt. Til no er 20 av 45 postar lagt inn i bloggen. Denne bloggen finn du på sida: <http://springer-inger.blogspot.com/2012/03/turorientering-2012.html>

45 postar også i 2012

Du kan gå til same post fleire gonger og få registrert poeng kvar gong. Det å gå til nye pos-



Posten på Lyngsete har ei ubeskriveleg utsikt. Lyngsete ligg over Joranger på Indre Hafslo.

Opp t.v.: Posten som heng på eit av dei gamle sela i Venåsen, er ikkje så ofte besøkt.

T.v.: Det er ikkje langt å gå frå FV 55 over Sognefjellet og opp på posten Helgedalsnosi. Utsikta herfrå er heilt fantastisk.

de opplevingar

tar gjer at du får nye opplevingar og får sett mykje fint. Det er ofte slik at me går den same, kjende turen år etter år og sjeldan prøver oss på ukjende stiar. Turorienteringa er eit fantastisk høve til å få det sparket ein ofte treng for å gå på nye stader. Eksempel på postar som ligg på kortare turar er Løsletti på Indre-Hafslo, Gaupneberget, gamlevegen opp i Røneidsmarka, gamlevegen til Berge og Hærishovden i Luster. Eksempel på dei lengste turane er Molden, Haugafjellstolen i Jostedalen, Fivla, Børresteinen i Luster, Dulsete i Mørkridsdalen og Skautevatnet på Sognefjellet.

Bronse, gull og sølv

Når du driv med turorientering, konkurrerer du først og fremst mot deg sjølv. Her er det ikkje krav til tid, det er ikkje krav til

utstyr og det er ikkje spørsmål om når på døgnet eller når på året du tek turen. Du vert delt inn i klasse alt etter kor gammal du er. Klassane er 0-6 år, 7-12 år, 13-49 år og over 50 år. Handikapklasse med 50 % av ordinær poengsum. For kvar klasse er det krav om ein viss poengsum for å få merke. Dei ulike postane gjev varierande poeng, frå 10 til 30, alt etter kor krevjande turen er. Enkelte stader er det råd å gå innom eit par postar på ein og same tur, men ofte ligg posten slik til at det vert berre ein post den turen. Du må levere inn skjemaet ditt der du kjøpte det på slutten av året for å få tildelt merke og vera med på trekning av premiar. Gåvepremiar og gåvekort vert trekt mellom alle som deltek. Alle som klarar krava får bronsemerke 1. året, sølvmerke

2. året og gullmerke 3. året. Så er det ei ny utmerking for kvart 5. år du klarar krava til gull. Til no er det seks lustringar som har klart krava til gull i over 20 år. Dessverre førde den våte sommaren i fjor til ein markert nedgang i tal deltagarar, men 110 personar trassa regnbygene og gjekk tur som vanleg. Året før var talet 155. Statistikk for merker og trekking av premiar er enno ikkje klar. Vinnarane vert trekt på lensmannskontoret og dei som vinn vert kontakta. Liste over vinnrarar vert også kunngjort i Lustranytt og i Bjønnaposten. Me håpar 2012 vert det året då me set deltarrekord i turorienteringa!



Frå Sønnesynstolen mot Sognefjellet og tindane.

Luster Revmatikarforening

Gåturane i Luster

I november 2011 avslutta Luster Revmatikarforening sesong nummer fem med gåturar i Luster kommune, og 3. påske-dag startar sesong nummer seks. Revmatikarlaget starta med gåturane i 2007 for å skape eit trim- og aktivitetstilbod til medlemmer og andre interesserte. I kommunen er det lange tradisjonar for å gå i fjellet, til stølar, på jakt eller t.d. på tur med Luster Turlag. For ein del personar med ulike helseplager kan dette verta for langt eller for tungt. Medlemmer i laget ønskete eit meir tilpassa turoppelegg som gav treningseffekt og naturopplevingar, og resultatet av ønska vart:

Tur kvar veke frå april til november, ca 32 turar kvart år. Oppmøte i Gaupne ved Prix kvar tysdag kl 10.30, samordne køyring og reise til dagens tur-mål. Deretter går me tur 1-2 timer, tek matpause og returnerer til bilane.

Turane går på skogs- eller grus-

vegar, stiar o.l., til ulike grender, nedlagde gardar, stølar og fjell-område.

Turane går uansett ver, ta med mat og eigna kler.

Laget har i desse åra arrangert turar i heile kommunen. Nokre stader er vitja fleire gonger, og kvart år dukkar det opp forslag til nye turar. Mange har kome til nye stader dei aldri før har kjent til. I 2011 vart det fleire nye turar, t.d. på vestsida av Mørkridsdalselva i april, Fagredalen i august, Simosete i september og Sønnesynstolen i oktober. Første turen i 2011 var på ein svert så fuktig tysdag så då vart det gåtur frå Gaupne og opp Engjadalsvegen, til bruа. Ein fin tur, med mange høge, fine murar, og skilt med namn på svingane oppover.

Nye tursesong startar tysdag 10. april
No er Revmatikarlaget snart

klare med opplegget for 2012.

Kvar dei første turane går avheng av ver og føre.

Turprogrammet kjem på oppslagstavler og vert lagt ut på turbloggen www.gaoturane.blogspot.com.

Luster Revmatikarforening ønskjer at mange, både medlemmer og andre vil vera med på tur. Alle er velkomne.



Mot Mørkridsdalen på vestsida av elva.

Stor auke i cruisetrafikken

Skjolden Cruisekai A/S har ei stor auke i anløp frå 11 skip i 2011 til 22 skip i 2012. Dette betyr at Skjolden får i år vitjing av om lag 29 000 personar, som også er ei stor auke frå dei 9000 besökande i fjor. Fleire av dei store skipa med 3000 personar kjem i år. Målet framover er å kunne ta i mot 70 skip for sommaren.

På cruisekaien blir det i år ein liten kiosk. I tillegg vil ein opne souvenirbutikk som vil halde ope ved kvart anløp. Fjordpromenaden står klar, men skal gjerast ferdig med beplantning til det første skipet kjem den 16. mai. Det er fullt mogleg for lokalbefolkninga og tilreisande å komme og helse skipa velkomne inn til kai eller vinke avgarde ved avreise. Det er mykje busstrafikk på kaien og andre må difor parkere før ein kjem til sjølve kaien og gå siste biten til



Dato	Skipsnamn	Ankomst	Avreise	Personar	Tonn	Lengd
16. mai	VENTURA	09:00	17:00	3 100	113 000	290m
18. mai	QUEST FOR ADVENTURE	08:00	14:00	602	18 511	164m
21. mai	DELPHIN 1	08:00	16:00	470	16 214	156m
08. jun	ROTTERDAM	08:00	17:00	1 590	60 874	238m
11. jun	AMEDEA	13:00	20:00	620	28 856	193m
18. jun	SAGA RUBY	08:00	16:00	650	24 492	191m
20. jun	COSTA FORTUNA	08:00	18:00	3 000	100 000	270m
21. jun	BOUDICCA	07:30	18:00	856	28 388	205m
23. jun	MARCO POLO	09:00	17:00	900	22 080	176m
27. jun	EMPRESS	07:00	16:00	2 000	48 563	211m
02. jul	CONSTELLATION	10:00	19:00	2 034	91 000	294
09. jul	QUEEN ELIZABETH	08:30	16:00	2 068	90 900	294m
09. jul	SAGA RUBY	08:00	16:00	650	24 492	191m
20. jul	KRISTINA KATARINA	09:00	17:00	450	12 700	138m
28. jul	ATHENA	13:00	19:00	552	16 144	160m
06. aug	AMEDEA	14:00	20:00	620	28 856	193m
11. aug	QUEEN ELIZABETH	08:30	16:00	2 068	90 900	294m
22. aug	ATHENA	13:00	19:00	552	16 144	160m
27. aug	OCEAN COUNTESS	11:30	17:30	800	16 795	164m

Kulturdagane Skjolden for 25. gong:

"Skjolden 1988-2012"

Kulturdagane Skjolden er i år 26. og 27. mai og har eit naturleg tema sidan dette er eit jubileumsår. I 1988 vart dei første Kulturdagane arrangert oppe ved skulen på Skjolden. 24 år seinare har Kulturdagane funne si faste form med Fjordstova som base og aktivitetar som føregår over store deler av Skjolden.

Temaet i år

Temaet på dei 25.

Kulturdagane blir difor "Skjolden 1988-2012". Her vil ein vise kva slags endringar Skjolden har gått gjennom desse åra. Kva har skjedd, kva har Skjolden fått av nye ting og kva har ein mista? Her vil ein presentere dei ulike delane på forskjellige måtar, både skriftleg og visuelt. Det er mykje som har skjedd i bygda innerst i Lustrafjorden på desse åra. Nokre av dei verksemndene som har vokse fram skal få taletid fordelt på dei to marknadsdagane. Her får ein høve til å informere og marknadsføre det nye produktet i bygda.

Bryggedans med Linda Kvam band

Utedans på Skjolden Brygge har vorte ein tradisjon dei siste åra og er like populært uansett vær. Stemninga med bryggedans er unik, og sidan dette er eit arrangement som Skjolden hittil har hatt åleine langs Lustrafjorden, føler arrangørane at dette er komme for å bli.

Kulturdagane Skjolden ønskjer å



Bryggedans med Linda Kvam band.

tilby publikumet sitt høg kvalitet når det gjeld musikk.

Countryrockstjerna Linda Kvam har turnert som artist i 20 år og vore ei rekke gonger på tv. Mange har nok sett henne fleire gonger i Ivar Dyrhaug sitt musikkprogram "Beat for Beat". Hennar stemmeprakt og sceneopptreden er noko du vil hugsa. Ho blir rekna for å vera den i landet som best tolkar Janis Joplin. Hennar versjon av "Me and Bobby McGee" må berre opplevast! Dei som var på Blåtonar i fjar hugsar nok denne dama, som også har samarbeidd

med "Tonereise", men i år altså for første gong på Skjolden.

Frukost i det fri og andre faste innslag

Kulturdagane har som vanleg salsutstillingar, grillkafé, lotteri, natursti, kunstutstillingar, andakt, veteranbiltreff og ikkje minst musikk og underhaldning frå scenen ved Fjordstova. Det mest populære arrangementet på søndag er likevel den store fellesfrukosten ute i hotellhagen. Kvart år trekker denne populære delen av Kulturdagane ca 200 personar som kosar seg med heimebakt mat som trottige skjoldingar har trylla fram i morgontimane. Det er ei spesiell stemning å sitje ved langbord med både kjentfolk og totalt ukjende.

Overraskingar i vente


Kven får i år tildelt

Kulturdagane sin ærespris?

Arrangørane har også fleire gode kort i ermet som dei ikkje vil ut med enda. Eit jubileum skal ha eit sus av fest og mystikk over seg ...

Frå kulturdagane 2011.





Lustra-marknaden

4. til 10. juni 2012

Alle kan vera med...

Dei som driv rein næringsverksamhet betalar ei leige for areral til sin stand og ein andel av den felles marknadsføringa som vert utført av Lustramarknaden. Alle andre frivillige lag og organisasjonar betalar ei symbolsk avgift for felles marknadsføring.

Skal me skape ein marknadsstemning av den "gode, gamle sorten" er det nødvendig å spela på mange strenger -!

Lustramarknaden er staden der alle kan få vise seg fram og formidle noko av det dei held på med. På Lustramarknaden møter også organisasjonane eit større publikum, noko som gjer det ekstra spennande å delta - bruk Lustramarknaden som vindauge mot verda og nærmiljøet ditt.

Viktig arena for nye tiltak

For dei i kommunen og nærområdet som driv innan småkalaverksamhet og heime-industri og innan husflid, matproduksjon osv. er dette ein viktig arena for å møta sitt publikum. Her er ingen for liten til å vera med! Oppmodinga går difor til alle som har noko dei vi visa fram, eller selja: Ta kontakt med Lustramarknaden og meld deg på!

Påmeldingsfrist 15. mai

Ved å betale inn standleige på førehand til: 3785. 60. 24181 er

du garantert plass på utstillingsområdet! Utstillerane må sjølve halda bord/stol og ev. monteringsegg.

Annonse i MARKNADSAVISA

Lustramarknaden har inngått ein samarbeidsavtale med Sogn Avis. Det vert eit eige magasin som skal ut laurdag 2. juni og skal gå som innlegg i Sogn Avis til alle husstandane i Luster, Sogndal, Leikanger og Årdal kommunar. Lustramarknaden er alt profilert på www.sognavis.no. I tillegg vert det fleire annonsar i Sogn Avis, Firda og Firdaposten.

Magasinet vert lagt ut på heimesida til Pyramiden. Med så god profilering og med eit historisk godt program vert truleg årets Lustramarknad meir besøkt enn nokon gong.

Annonsesfrist: onsdag 16. mai kl. 15.00. Prisar eks. mva., inkl. farge: Heil side kr 7000, halv side kr 3900, kvart side kr 2500, små modular til dei som har stand kr 500.

Lustramarknaden 2012 er ein komité samansett av:

Luster Sparebank, Luster kommune, Pyramiden Senterforening, COOP – Prix Gaupne, COOP – Bygg Mix Gaupne og Luster Næringsamskipnad der desse er med: Bård Huseby, Svein Norberg, Erling Bjørnetun, Svein Døsen og Mette Alme.
Kontakt: post@pyramidensenter.no
Annonsekontakt: Odd Reksnes marknadsrådgjevar i Sogn Avis, odd@sognavis.no

Frå Lustramarknaden 2011.






Nytt namn Skjolden Resort

Skjolden Resort er namnet som skal dekke det som tidlegare heitte Skjolden hotell og Skjolden Brygge, i tillegg til 10 feriehus og 32 heilt nye feriehusvære på palar i fjorden. Det er viktig å framstå som ei eining utad i marknaden og dette er grunnen til at ein no går vekk frå namna Skjolden hotell og Skjolden Brygge. På folkemunne vil nok ”hotellet” og ”Bryggjehuset” leve sterkt vidare så namneskiftet vil ikkje bety så mykje for lokalbefolkinga. Men, i den store samanhangen betyr dette at den vesle bygda Skjolden husar det største turist-anlegget i fylket, då Skjolden Resort no kan tilby ca 370 seng-

eplassar totalt. Salstala for sommarsesongen 2012 ser hittil svært bra ut og ein kan melde om stor interesse og mykje bestillingar for juni, juli og august. Per i dag er utsiktene 60-70% belegg i dei travle sommarmånadene, noko som betyr opp mot 260 personar på Skjolden Resort dagleg. Då kan ein registrere at innbyggjartalet på Skjolden nesten vert dobla berre med Skjolden Resort sine gjester.

Turid Øiene tilsett som hotellsjef
Administrerande direktør i Skjolden Cruisekai & Hadeland Konferansehoteller AS, Carsten Nielsen, fortel at det var 55



søkarar til leiarstillinga for Skjolden Resort. Den nytilsette hotellsjefen, Turid Øiene, er fastbuande på Skjolden og oppvaksen med reiseliv i Fortun. Etter reiselivs- og språkstudiar i inn- og utland var Turid dei første åra tilknytt Sogn og Fjordane Reiselivsråd (SFR) og som marknadssjef hjå turoperatøren



Fjordtra. Deretter følgde 8 år i Sogndal Kulturhus som marknadsføring- og arrangementsansvarleg. Dei seinare åra har ho arbeidd med drift av kro og pub, vore butikksjef i Coop, og på fridita vore sentral i arrangement på Skjolden, m.a. som leiar av Kulturdagane Skjolden. Carsten Nielsen fortel at Turid sin breie yrkesmessige bakgrunn, språkkompetanse og det at ho har lokal tilhøyrigheit var viktig for at valet fall av henne. Turid startar i si nye stilling 18.mars og vil då ha ansvaret for hotell og bryggehuset med tilhøyrande hytter og nye feriehusvære.

Tysk kjøkkensjef

Fred Janecke frå Eberswalde i Tyskland er tilsett som kjøkkenkjef frå 1. mai 2012. Fred har lang og brei røynsle som kokk og kjøkkensjef og ser fram til ein ny sesong i Skjolden. Han har tidlegare arbeidd ved Skjolden Brygge og vore med på å setje eit positivt preg på matkvaliteten på Skjolden. Det vert god kontinuitet på hotellet då dei fleste av dei tilsette på Skjolden hotell ønskjer å fortsetja i Skjolden Resort.

Satsar på god mat og spennande aktivitetar

Skjolden Resort skal i sin heilskap stå ferdig til sesongen 2012 og opnar 1. mai. Dei tek sikte på å tilby gjestene sine eit fast aktivitetstilbod denne sommaren. I tillegg til eit stor mangfold av sjåverdige attraksjonar og høve til aktiv ferie vil Skjolden Resort sin vekeplan innehalde guida turar og aktivitetar for både barn og vaksne. Alt frå rolege rideturar til meir krevjande guida fjellturar i området.

Aktivitetane skal utviklast over tid, men nokre av dei skal startast i sommar. Hotellet skal ha resepsjonsfunksjonen for alle delane av Skjolden Resort og vil etter kvart gå gjennom ei gradvis oppgradering. Første del av oppussinga blir etter sommarsesongen 2012. Kjøkkenet derimot,

skal stå klart med mykje nytt og moderne utstyr til sommaren.

Bussar og bygdefolk

Hotellet har lange tradisjonar med bussgrupper. Nytt frå no av er at ein også vil kunne tilby mat for andre enn hotellet sine gjester. Det skal verte høve til å nytte god mat frå à la carte meny for alle. Det blir buffet på kveldstdid for bussgruppene og andre så langt kapasiteten tillet.

Bygdefolket langs fjorden er hjarteleg velkomne til eit godt måltid eller kaffi og kaker når det måtte høve.

På Bryggehuset vert det ope fast frå 1. mai. Her vert det eit enklare supplement til matserveringa på hotellet. Tenderkaien skal ombyggast noko til sesongen og her vert det gode tilhøve for båtfolket i sommar.



Aktivitetskalendaren

Dette er arrangement som er innlagt i Aktivitetskalendaren på heimesida til Luster kommune pr. 15. mars. Vi oppfordrar alle som ynskjer å publisere arrangementa sine om å gå inn og legge dei inn der. Sjekk om nye arrangement er lagde inn.

Tidspunkt	Arrangement
Måndag 2. april kl 18:00	Basar Tradisjonell basar til drift av huset. Arrangør: STYRET Stad: Skulehuset Fredheim på Nes
Onsdag 4. april kl 11:00 - 13:00	Generasjonskafè Arrangør: Nes diakoniutval Skulehuset Fredheim på Nes
Torsdag 5. april	Bjønnarennet Tradisjonelt turskirenn. Følg med på annonsar og nettsider. Arrangør: IL BJØRN Stad: Nigardsgrandane eller Leirdalen
Torsdag 12. april kl 10:00 - 16:00	Vertskapsrolla Seminardag 5 i bygdevertskurset. Kva kjenneteiknar det gode vertskap? Alle er me vertar på kvart vårt område. Denne dagen får me testa våre våre haldningar til denne rolla, og får gode råd for korleis lukkast. Ein god vert er gull verdt. Høgskolen i Lillehammer har fagansvar. Påmelding. Pris 900,- inkl god mat og drikke. Arrangør: Luster vgs og Naturarvprosjektet i Luster kommune Stad: Luster vgs
Onsdag 20. april kl 12:00 - 14:00	Bokcafè Arrangør: Luster bibliotek Stad: Hovudbiblioteket i Gaupne
Onsdag 2. mai kl 11:00 - 13:00	Generasjonskafè Arrangør: Nes diakoniutval Stad: Skulehuset Fredheim på Nes
Fredag 11. mai kl 12:00 - 14:00	Bokcafè Arrangør: Luster bibliotek Stad: Hovudbiblioteket i Gaupne
Fredag 1. juni kl 19:30– sundag 3. juni kl 11:00	Årsmøte Årsmøtehelg for Sogn og Fjordane Indremisjon. Arrangør: SOGN OG FJORDANE INDREMISJON Stad: Hafslø
Onsdag 6. juni kl 11:00 - 13:00	Generasjonskafè Arrangør: Nes diakoniutval Stad: Skulehuset Fredheim på Nes

Fredag 15. juni
kl 12:00 - 14:00

Bokcafè
Arrangør: Luster bibliotek
Stad: Hovudbiblioteket i Gaupne

Laurdag 16. juni
kl 08:00 - 15:00

Molden Opp 2012
Motbakke arrangement med vekt på breidde og aktivitet for alle grupper.
Norges cup for 2012.
Arrangør: IL BJØRN
Stad: Marifjøra i Luster kommune

Sundag 1. juli
kl 12:00 - 15:00

Tungestølstemne
Kl. 12.00: Gudsteneste ved Trond Fr. Johansen og forkynnar Roald Evensen.
Korsong. Etter gudstenesta sal av rømmegraut og spekemat, kaffi og kake.
Arrangør: SOGN OG FJORDANE INDREMISJON
Stad: Tungestølen.

Sommarjobb for 16- og 17-åringar i kommunen

I budsjettet for 2012 er det òg sett av lønsmidlar til 10 kommunale sommarjobbar for 16- og 17-åringar busette i Luster. Desse sommarjobbene varer i 4 veker, og vert tildelte søkjavar ved loddtrekking.

Sommarjobbene vert fordelte på Luster sjukeheimsteneste, Luster heimeneste, teknisk drift og barnehagar etter behov.

Søkjavar må ha fylt 16 år innan 1. juni 2012. Ungdom som fyller 18 år innan 1. juni 2012 er ikkje aktuelle for sommarjobbar for 16- og 17-åringar.

Ytterlegare opplysningar finn ein på eige søknadsskjema for sommarjobb for 16- og 17-åringar.

Søknadsskjema finn ein på kommunen sine heimesider: www.luster.kommune.no.

Søknad på communal sommarjobb skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE, innan 20. april 2012.

Nye leigekøyringsløyve for snøscooter

Alle som har hatt løyve til å ta på seg leigekøring med snøscooter får fornøya sine løyve til utgangen av sesongen 2014. Dette vart vedteke av plan- og forvalningsstyret på møtet 6. desember 2011. Dersom du har transportoppdrag for snøscooter kan du då ta kontakt med desse:

1. Ove Arild Melheim for området Indre Hafslo og Molden.
2. Røde Kors Hafslo Hjelpekorps for området Hafslofjella.
3. Johan Hilleren for Veitastrond.
4. Jon Evjestad for området Jostedalen, Gaupne og Røneid.
5. Trond Rune Flikki for området Nes, Luster og austover til Mørkridsdalen.
6. Røde Kors Luster Hjelpekorps for området aust for Mørkridsdalen og Lustrafjorden.

Løyvet er avgrensa i medhald av motorferdselsforskrifta til fylgjande ærend:

- transport mellom bilveg og hytte
- tilsyn med privat hytte på oppdrag frå eigar
- transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- transport av rørslehemma
- transport av ved
- transport som har løyve etter søknad til Luster kommune

Har du spørsmål om motorferdsel i utmark, ta kontakt med naturforvaltar Inger Moe, tlf 57 68 55 84.



"Utsikten" innafor Harastølen på veg mot Stuagjerde og Brennesteinane. Begge foto: Atle Kvalsvik

Årsmøte Luster sogelag

Luster sogelag held årsmøte på Eide gard i Skjolden laurdag 31. mars kl 19.00.

- Vanlege årsmøtesaker.
- Servering.

Tema for kvelden:

Me får høyra spennande historie om og planar for Eide gard fortalt av familien.

Kva skjer?

Orientering om sogelaget sine ulike prosjekt / arbeidsoppgåver:

- Stadnamninsamlinga.
- Sogelags-turane sist sommar hadde godt oppmøte – forslag til nye turar i 2012.
- Restaureringa av stovehuset og dugnadsarbeid i Hestaskårane sumaren 2012.
- Nasjonalt dokumentasjonsprosjekt for Husmannsvesenet.

Vel møtt!



Svensøystølen fremst i Fortunsdalen med dei imponerande lange, innmurte hegningane.

Øvinga på scenen er i gang. Frå venstre: Henrik Røneid, Rune Veum, Berit Røneid, Asbjørn Røneid, Ole Mads Norenberg, Aud Kristin Oma og Arve Bjørn Røneid.



Heile gjengen samla for rådslaging

Revy i Gaupne

”Ute på oppdrag”

Musikkens venner i Gaupne er no i gang med øvingane til revy med premiere palmelaurdag. Revyen inneholder kommentarar til diverse hendingar i Luster. Val av ny ordførar, ny rådmann og Luster bad er tema det er vanskeleg å komme utanom. Stoffet er samansett av både verbale og vokale innslag. Revygjengen er ein godt samansveisa gjeng som utfører alt på dugnad, frå revyorkester, lyd, lys og alle på og bakom scenen. Me gler oss stort til tre framsyningar; på palmelaurdag, søndag og onsdag før skjertorsdag, og ynskjer alle lusteringar og andre velkommen.



Ferskaste skotet på stammen, Henning Lad.

Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway

NORGE



Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag kl. 18.00 - 21.00

fredag kl. 18.00 - 21.00

søndag kl. 16.00 - 19.00

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

tysdag kl 18.00 – 21.00

onsdag kl 17.00 – 18.00 LHL og andre
kl 18.00 – 19.00 Familiebadning
og funksjonshemma
kl 19.00 – 20.00 Revmatikarar


Bassengen er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag kl. 17.00 - 21.00

onsdag kl. 17.00 - 21.00

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-17.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Tysdag: 09.00 - 15.00

Onsdag: 09.00 - 15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92

Frå 01.01.2011: Partalsveker:
torsdag kl 08.30-14.00.

Oddetalsveke 1:

tysdag kl 16.30-19.30

Oddetalsveke 2: stengt.

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30

LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2012

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnementar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukhus og Sentralsjukhuset Førde. • Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 16. mars 2012.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Tore Eriksen

Redaksjonen er lagt til Servicetorget

v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er

bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustra nytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.

Tlf. 57 65 60 05

Framsidafoto: Frå Vigdalsstølen. Foto: Anita Bjørk Ruud.

Viktige telefonnummer

Helsecenter/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelp utanom kontortida

Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster

Tlf. 57 01 58 70

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann

Tlf. 112